



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

2015  
PRESSEinfo

VISJONEN VÅR:  
Trygg framtid  
for folk og natur

Eit informasjonsdokument  
utarbeidd for media og  
utdelt i samband med  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
sin pressekonferanse **9. januar 2015.**





Treng du meir informasjon?



**Kontaktperson :**

Kommunikasjonssrådgivar  
Vidar Ryther Myklebust  
tlf. 71 25 84 19 / 918 28 322  
vidar.myklebust@fylkesmannen.no

# INNHALD:

Innleiing	side 4
Oppgaver på tversav fagområde	side 8
Justis og beredskap	side 32
Miljøvern	side 41
Landbruk	side 49
Oppvekst og utdanning	side 63
Helse og sosial	side 75
Administrasjon	side 86



# «Den gode nabopraten»

Medan 2014 går inn i historiebøkene som det store jubileumsåret for markering av Grunnlova sitt 200 års jubileum og Barnekonvensjonens 25 år jubileum, og det året da Kongeparet kom på Fylkesbesøk til Nordmøre, vil 2015 bli året kor kommunereforma står høgt på dagsorden.



Lodve Solholm

Medan 2014 går inn i historiebøkene som det store jubileumsåret for markering av Grunnlova sitt 200 års jubileum og Barnekonvensjonens 25 års jubileum, og det året da Kongeparet kom på Fylkesbesøk til Nordmøre, vil 2015 bli året kor kommunereforma står høgt på dagsorden.

Fylkesmannen fekk i juli 2014 i oppdrag frå regjeringa å følgje opp arbeidet med kommunereforma i dei 36 kommunane i Møre og Romsdal, i tråd med Stortingsvedtaket frå 18.juni. Det er gitt eit utgreiingsansvar for alle kommunar, og Fylkesmannen skal sjå til at alle kommunane i Møre og Romsdal kjem i gong med arbeidet, at dei jobbar godt med lokale prosessar og avsluttar innan sommaren 2016, slik at vi held den framdriftsplanen det er lagt opp til nasjonalt.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har kome i gong med kommunereformarbeidet i 2014, og 36 kommunar har i løpet av hausten gjort vedtak om korleis dei skal jobbe med å skape gode prosessar lokalt for å få til eit best mogleg resultat i kommunereforma. For 2015 gjeld å bli meir konkret; no handlar det om å få til den gode nabopraten.

Gjennom året har Fylkesmannen vitja 20 kommunar i fylket: Vi starta på Nordmøre, deretter Romsdal og rakk nokre kommunar på Sunnmøre. Fylkesmannen tar med seg sine leiarar, og møter formannskapa, samt administrative leiing i kommunane. På desse besøka har fylkesmannen også fått høve til å møte representantar frå Ungdomsråda i kommunane.

Vi har møtt mykje flott ungdom som engasjerer seg, men det manglar enno litt på oppfølginga frå dei vaksne

i kommunane. For eksempel at ordførarane deltek på møta til Ungdomsråda.

Vi har 10 kommunar igjen å besøke, og startar med Giske kommune den 30. januar og avsluttar med Ørsta kommune 3. juni. Fylkesmannen opplever desse besøka som interessante og verdifulle. Det er også gode tilbakemeldingar frå kommunane, og vi vonar at vi lukkast i arbeidet med å vere den medspelaren vi ønskjer å vere.

Som gamal lærer er eg spesielt opptatt av gode læringssmiljø for ungane våre. Mobbing er dessverre noko som ikkje fremmer læring, og som kan få alvorlege følgjer. Vi vakse må gjere endå meir for å vere gode døme sjølv i vår framferd, og samtidig ta på alvor alt som kan minne om mobbing på den einskilde skule. Det er mange oppskrifter og verktøy på korleis ein kan førebyggje og få stoppa mobbing. Kvar kommune og skule må velje sin strategi mot mobbing, i tråd med dei retningslinene som er gitt i lovverket.

Beredskapen i kommunane er god! Det fekk vi nok eit godt døme på då fjellet Mannen i Rauma trua med å dette ned i haust. Eg vil skryte av Kriseleiinga i Rauma kommune for måten dei handterte situasjonen på. Fjellet har roa seg ned i og med at kulda kom, men med vår og varme er det store sjansar for at Mannen starter å røre på seg att. Heldigvis er fjellpartiet overvåka av topp teknisk utstyr, og eg er godt nøgd med at Staten no har tatt over ansvaret for fjellovervåkinga og utstyret i Åknes/Tafjord fjella som tidlegare Rauma og Stranda kommune dekte store delar av utgiftene til.



# - KOMMUNEREFORMA i gang!

## OM LODVE SOLHOLM:

Lodve Solholm (fødd 1949 i Vestnes) blei fylkesmann i oktober 2009. Han blei vald inn på Stortinget for Framstegspartiet i Møre og Romsdal og var der til saman 16 år i periodane 1989–1993 og 1997–2009.

Solholm var medlem av ulike politiske utval frå 1977. Han var president i Lagtinget frå 2001 til 2005. Solholm er utdanna lærar.

### Lodve Solholm har desse verva:

Styreleiar Nynorsk Kultursenter

Styreleiar Reindriftsstyret

Styremedlem Sameiet Gideonvegen, Molde

Styremedlem Evalueringsutvalget for EOS

Ei av hovudoppgåvene til Fylkesmannen er å føre tilsyn med helseføretak og kommunar for å sikre at kvaliteten på tenestene er slik det er meint å vere etter lovverket. Det handlar om å ivareta rettstryggleiken for den einskilde.

Nytt tilsyn av året var tilsyn etter den nye Folkehelselova. Tre kommunar vart vald ut; Skodje, Averøy og Herøy. Det viser seg at alle desse tre kommunane har vore flinke til å tenkje heilskap og leggje godt til rette for utvikling av ei god folkehelse for sine innbyggjarar.

..... og ved inngangen til 2015, som er vald ut til å vere friluftslivet sitt år, så passar det godt å oppmode litt ekstra til at vi alle tar eit tak for betre folkehelse for oss sjølv og andre!

Lodve Solholm

# FYLKESMANNENS

Fylkesmannen er Kongen og Regjeringa sin fremste representant i fylket og utfører mange og svært allsidige forvaltningsoppgåver for staten (dei ulike departementa).

Lodve Solholm er fylkesmann i Møre og Romsdal. Rigmor Brøste er assisterande fylkesmann.



Lodve Solholm



Rigmor Brøste

## OPPGÅVENE ER GROVT SETT TREDELTE:

- ▶ å setje i verk Regjeringa/Stortinget sin politikk ute i kommunane/fylkeskommunen
- ▶ å samordne staten sin politikk/verksemd mot kommunane
- ▶ å passe på at innbyggjarane får den rettstryggleiken dei har krav på

Fylkesmannen har både reine fagoppgåver (for fagdepartement /direktorat) og meir generelle/samordna statsoppgåver. Alle oppgåvene er i det vesentlege retta mot kommunane i fylket:

- ▶ formidling av statlege styringssignal
- ▶ fordeling av statlege tilskotsordningar
- ▶ klagesaksbehandling over kommunale og fylkeskommunale vedtak etter div. særlover
- ▶ tilsyn etter div. særlover

## FYLKESMANNEN har oppgåver innanfor fleire fag- og forvaltningsområde:

- ▶ miljø
- ▶ landbruk
- ▶ oppvekst og utdanning
- ▶ helse og sosial
- ▶ planlegging og byggesak
- ▶ kommunal organisering og tenesteyting

Fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal har om lag 150 tilsette er lokalisert i Fylkeshuset i Molde. Embetet er frå 01.01.2014 organisert i to stabseiningar og fem fagavdelingar.

## STABSEININGANE:

Administrasjon, med arbeidsoppgåver knytt til økonomi, personal, IKT, arkiv og service.

Informasjon og kommunal samordning, med arbeidsoppgåver knytt til intern og ekstern informasjon, plansamordning etter plan- og bygningslova, kommuneøkonomi og økonomistyring, tverrfaglege prosjekt og satsingar, interkommunalt samarbeid m.v.

## FAGAVDELINGANE:

- ▶ justis- og beredskapsavdelinga
- ▶ helse- og sosialavdelinga
- ▶ landbruksavdelinga
- ▶ miljøvern avdelinga
- ▶ oppvekst- og utdanningsavdelinga



# ROLLE OG FUNKSJON



Lenke til Fylkesmannens heimeside: <http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/>

**Fylkesmannsinstruksen** har meir om oppgåvene til embetet:  
<http://www.regjeringen.no/nn/dep/fad/dokument/proposisjonar-og-meldingar/Odelstingsproposisjonar/20002001/otprp-nr-84-2000-2001-.html?id=123802>



# Oppgåver på tvers av fagavdelingane

## Kommuneplanlegging

### **Kontaktpersonar :**

**samordnar Sveinung Dimmen** tlf. 7125 8420 e-post: [sveinung.dimmen@fylkesmannen.no](mailto:sveinung.dimmen@fylkesmannen.no)

**fagsjef Jon Ivar Eikeland** tlf. 7125 8468 e-post: [jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no](mailto:jon.ivar.eikeland@fylkesmannen.no)

Fylkesmannen har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova (pbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk innanfor viktige fagområde, der arealpolitikk og miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Vidare har Fylkesmannen ansvar for behandling av klager på kommunale vedtak i plan- og byggesaker etter lova. Fylkesmannen har og rolle som meklar i plansaker der det ligg føre motsegn.



Rammer og retningslinjer for Fylkesmannens roller og oppgåver på plan- området er i hovudsak trekt opp av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I forhold til regional og kommunal planlegging har regjeringa peika på mål om «raskere og mer forutsigbare prosesser med sterkere lokaldemokratisk forankring». Dette vil m.a. bli følgd opp



gjennom ulike typar evalueringar, lovendringar og forenklingar i forhold til plandelen av plan- og bygningslova. Vidare er innsatsen retta mot tidleg medverknad og betre samordning:

- Vekt på gode planprosesser der interessene kjem fram tidligare og tydelegare
- Forsøk med samordning av statlege interesser i planlegginga blir utvida
- Nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Nye nasjonale forventningar i 2015 gir føringar for utarbeiding av kommunale planstrategiar

Arbeidet med ny kommunereform har som eitt av fleire hovudmål styrking av samordna lokal og regional utvikling i alle deler av landet. Det skal gjerast utgreiingar på regionalt nivå. Arbeidet med kommunale planstrategiar vil her kunne vere eit nyttig verktøy.

## PLANSTATISTIKK: Stort trykk på plansaker og dispensasjonssaker

**Statistikken for 2014 viser at aktiviteten på plansida er stor. Samla tal på behandling av plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova ligg om lag på nivå med fjoråret.**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i 2014 behandla til saman 1140 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova (pbl). Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Tabellen under viser samla oversikt for plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova i 2014. Tilsvarande registreringar for perioden 2010 - 2013 er også tatt med:

	2010	2011	2012	2013	2014
Reguleringsplan	459	480	496	471	477
Kommune(del)plan	36	37	48	86	56
Kommunal planstrategi	x	x	34	5	x
Regionale planar	-	-	6	5	2
Plansaker samla	495	517	584	*567	530
Dispensasjonssaker samla	628	520	605	533	605
<b>Sum planar og disp.</b>	<b>1123</b>	<b>1032</b>	<b>1189</b>	<b>1100</b>	<b>1140</b>
Motsegner (tal planar)	39	62	63	64	58
Meklingsmøte	4	7	6	8	3
Planar sendt departementet	2	0	3	1	3
Klager /dispensasjonsøknader	18	18	21	3	6

Tabell: Samla oversikt over behandla plansaker/ekspedisjonar hos FMMR 2010 - 2014.

### **Krav til kommunal kompetanse og kapasitet på planområdet**

Den kommunale planlegginga skal etter plan- og bygningslova samordne både den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga. Kommunal planlegging er i lys av dette eit viktig verktøy for utvikling og styring både av kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon. Søkelyset på ei meir integrert og samordna kommuneplanlegging vil elles naturleg ta utgangspunkt i tverrfaglege tema som *Berekraftig utvikling, Klima, Barn og unge, Universell utforming og Folkehelse*. Ei generell utfordring for fleire av kommunane vil vere mangel på oppdaterte planar – i første rekke på oversikts-/kommuneplannivå. Mange kommunar slit elles både med både kapasitet og kompetanse på planområdet. Fylkesmannen har saman med fylkeskommunen eit viktig ansvar for rettleiing og kunnskapsformidling retta mot kommunane på planområdet. Som eit ledd i dette har Fylkesmannen i Møre og Romsdal i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og KS gjennomført ein tre-dagars felles konferanse om planlegging, bumiljø og folkehelse. Konferansen som var lagt til Molde 4. – 6. november samla om lag 100 deltakarar.

Fleire av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Strandsoneforvaltning og kjøpesenteretablering er eksempel på saker som utfordrar ulike interessegrupper som gjerne skaper stort lokalt engasjement. Lovverket stiller her store krav til Fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar. Meir konkret ser vi m.a. her at Fylkesmannen i 2014 har lagt inn meir ressursar i tidleg kontakt i planprosessar, med oppfølgjande arbeidsmøte og synfaringar for å redusere talet på konflikhtar i plansaker, då spesielt i kommuneplanprosessar. Vidare ser vi at barn og unge sine interesser har vore spesielt prioritert og krav til utforming av leikeplassar med funksjonskrav er blitt strengare i løpet av året.



### **Kommunal planstrategi som verktøy for betre kommunal planlegging**

Kommunal planstrategi er eit nytt verktøy i plan- og bygningslova. Formålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Fylkestinget skal på tilsvarande vis vedta ein regional planstrategi for avklaring av dei regionale planbehova. Viktige føringar for planstrategiarbeidet er forankra i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*. Nye nasjonale forventningar for perioden 2015 – 2019 vil i 2015 legge

grunnlag for ei ny runde med kommunale planstrategiar.

Kommunane i fylket har utarbeidd eigne kommunale planstrategiar for planperioden 2011 – 2015. Viktige rammer og føresetnader vil her m.a. ta utgangspunkt i utviklingstrekk og utfordringar knytt både til samfunns- og arealutvikling, og til kommunal tenesteyting. Plansituasjonen og planbehovet vil variere kommunane i mellom, men felles for mange er gamle og «utdaterte» kommuneplanar. For



kommunane har planstrategiarbeidet vore eit nyttig verktøy for å skaffe ein samla oversikt over plansituasjonen og planbehovet i den enkelte kommunen. På bakgrunn av dette har dei fleste av kommunane i fylket varsla oppstart for rullering av overordna kommuneplanar i løpet av planperioden 2011 - 2015. Dette omfattar både kommuneplanens samfunns- og arealdel. Status per i dag viser at mange av kommunane er godt i gang med rulleringsarbeidet (sjå tabell under).

Kommune	Status gjeldande K-plan; vedtak (kjelde: kom. planstrategiar)		Rullering av K-plan; oppstart 2012-2015 (evt. u. arbeid/vedtak)	
	Samfunnsdel	Arealdel	Samfunnsdel	Arealdel
Aukra	2011	2006	2015	2012
Aure	2008	2008	0	2012
Averøy	2009	2009	2013	2013
Eide	2004	2005	2013	2014
Fræna	2005	2003	2015	2012
Giske	2009	2009	2013	2015
Gjemnes	2003	2003	2015	2013
Halsa	1998	1998	2012	2012
Haram	2007	1999	2013	2013
Hareid	2006	2012	2016	2012
Herøy	2001	2004	2012	2012
Kristiansund	2007	2011	2012	2012
Midsund	2011	1997	0	2014
Molde	2002	2010	2012	0
Nesset	2012	2012	2012	2012
Norddal	2007	2012	2014	2016
Rauma	2006	1995	2012	2013
Rindal	2011	2002	2014	2013
Sande	2009	2002	0	2012
Sandøy	2011	?	?	2012
Skodje	2007	2007	2012	2013
Smøla	2007	2008	2012	2012
Stordal	manglar	2003	2014	?
Stranda	manglar	1992	2014	2013
Sula	2011	2006	0	2013
Sunndal	2007	2007	2012	2012
Surnadal	2009	2007	2013	2013
Sykkylven	2011	1989	0	2012
Tingvoll	2007	2007	2013	2013
Ulstein	2009	2011	2015	2015
Vanylven	2009	1993	?	2012
Vestnes	2006	2006	2013	2013
Volda	1997	1990	2013	2013
Ørskog	2007	2006	2014	2012
Ørsta	1999	1991	2012	2012
Ålesund	2008	2008	2013	2014
MR fylkeskom	Fylkesplan 2012		Fylkesplan 2016	

Tabell: Kommunal planstrategi 2012 – 2015; markering (gult) for rulleringsarbeid påstarta i perioden

## MOTSEGNER: Flest motsegner gjeld barn og unge

Kommunen har ansvar for at nasjonale og regionale interesser blir tatt omsyn til i planlegginga. Statlege og regionale organ skal medverke i planarbeidet slik at desse interessene vert innarbeidd i planane. Reglane om motsegn skal sikre at kommunane ikkje vedtar planar i strid med nasjonal eller regional politikk.

FMMR har i 2014 fremma motsegn til 58 planar (50 reguleringsplanar og 8 kommune(del)planar). Talet på motsegner ligg på nivå med tala frå dei to føregåande åra. I høve til det samla talet på plansaker er det likevel relativt få motsegner. Av i alt 477 reguleringsplansaker/-ekspedisjonar i 2014 utgjer motsegnssakene om lag 10 %. Av tema det blir reist motsegn til er det barn- og unge, natur- og miljø/landskapsomsyn, støy og risiko og sårbarheit som dominerer. Kommuneplansakene omfattar ofte motsegn knytt til ulike plantema, men gjerne også fleire motsegnspunkt knytt til same tema. T.d. vil det kunne reisast motsegn på grunn av jordvern knytt til fleire delområde i planen.

Motsegnssaker knytt til kjøpesenteretablering er ikkje så mange i talet, men er likevel ofte både svært komplekse og konfliktfylte.

## MEKLING: Natur og miljøvern ein gjengangar



*Gamalt naustmiljø på Alnes.*

Når det ligg føre ei motsegn til eit planforslag kan ikkje kommunen vedta planen. Saka kan gå vidare, anten ved at kommunane endrar planen, det vert gjennomført mekling eller at planen går direkte til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Fylkesmannen er meklingsinstans. Etter oppmoding om at partane tar ei ekstra runde med drøftingar/dialogmøte har ein her i stor grad lykkast å finne løysingar utan å gå vegen om formell mekling.

Det har vore gjennomført tre ordinære meklingar i løpet av 2014. Fylkesmannen har vore part i alle, og spørsmål knytt til natur-/miljøvern har vore tema i alle dei tre meklingane. Jordvern og spørsmål knytt til nauststorlek er elles tema som går igjen i

meklings sakene. Dette omfattar:

- Vanylven kommune; kommuneplanens arealdel
- Fræna kommune; kommuneplanens arealdel
- Herøy kommune; kommuneplanens arealdel
- 

#### **Plansaker oversendt Kommunal- og moderniseringsdepartementet for avgjerd**

Dersom ein plan går til mekling og ein ikkje kjem fram til ei løysing, vil saka gå til avgjerd i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementet sitt vedtak i saka kan ikkje påklagast.

Fylkesmannen har i 2014 hatt tre slike oversendingssaker der Fylkesmannen har vore part i alle:

- Rindal kommune; kommuneplanens arealdel
- Rauma kommune; reguleringsplan for Måsvatnet
- Herøy kommune; kommuneplanens arealdel

I saka med Rindal har departementet fatta avgjerd i tråd med tilrådinga frå FMMR. I saka med Rauma kommune har departementet stadfesta kommunestyret sitt vedtak. I saka med Herøy kommune har departementet pr. dato ikkje fatta endeleg vedtak. For samla oversikt over departementet sine avgjerder i motsegnssaker; sjå <https://www.regjeringen.no/nb/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/kommunal-planlegging/innsigelsessaker1/id2008038/>

#### **Framleis mange dispensasjonssøknader**

Det kan søkast om dispensasjon frå kommuneplan, bygge- og deleforbodet i 100-m beltet, eller frå reguleringsplan. FMMR har i 2014 behandla 605 dispensasjonssaker etter pbl. Dei fleste sakene er knytt til dispensasjon frå kommuneplanen. Statistikken for 2014 viser at om lag 85 % av dispensasjonssakene er knytt til kommuneplan og om lag 15 % av sakene til reguleringsplan. Om lag 1/3 av søknadane gjeld bygging i strandsona.

Fylkesmannen har i 2014 berre klaga på 5 dispensasjonsvedtak, av desse er 3 knytt til strandsona. Dette tilseier at det kan byggast mykje i strandsona utan store konflikhtar med ålmenne interesser. Ofte omfattar dette fortettingar med eksisterande naustgrupper, men også hus og hytter som er plassert tilstrekkeleg langt frå sjøen til å ivareta dei ålmenne interessene i strandsona.

#### ***Viktige utfordringar for Fylkesmannens medverknad til kommunal planlegging i 2015:***

- Formidling av nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Vekt på tidleg medverknad og betre samordning; jf. planfagleg oppfølging med kommunar og private utbyggerar
- Implementering av system for samordning av statlege motsegner
- Samarbeid, rettleiing og erfaringsutveksling gjennom planforum og plannettverk
- Oppfølging av nye statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Synleggjering av barn og unge sine interesser i planlegginga
- Konfliktspørsmål knytt til strandsoner og kjøpesenteretablering
- Vekt på samfunnstryggleik og klimatilpassing



# Folkehelse

**Kontaktpersonar: Seniorrådgivar/sjukepleiar Marie Eide tlf. 71 25 86 4, [marie.eide@fylkesmannen.no](mailto:marie.eide@fylkesmannen.no) og fagkoordinator Marit Vestad tlf. 71 25 86 37, [marit.vestad@fylkesmannen.no](mailto:marit.vestad@fylkesmannen.no)**



*God samfunnsutvikling er ein viktig føresetnad for god folkehelse.*

Nasjonale og regionale rammer og føringar har løfta fram folkehelse som eit prioritert satsingsområde. Folkehelselova (Lov om folkehelsearbeid) definerer folkehelsearbeid som samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmar helse og trivsel i befolkninga, førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, eller som beskyttar mot helsetruslar. Dette omfattar også arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa.

Folkehelselova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsestyresmakter set i verk tiltak og samordnar sin aktivitet i folkehelsearbeidet på ei forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid. Organisatorisk vil det her vere viktig at folkehelsearbeidet blir forankra i ordinære regionale og kommunale plan- og styringsdokument

Målet med folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse for den einskilde og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga. Folkehelsearbeid omfattar ei rekke ulike tema og innsatsområde. Dette stiller krav om ei brei tverrfagleg og tverrsektoriell tilnærming.

God samfunnsutvikling er ein viktig føresetnad for god folkehelse.



## TILSYN: Utfordring for kommunane

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2014 gjennomført tre tilsyn med folkehelsearbeidet som tema, det var i kommunane Skodje, Averøy og Herøy. Tilsynet var ein del av det første landsomfattande tilsynet med folkehelsearbeidet i kommunane som Fylkesmennene gjer etter oppdrag frå Statens helsetilsyn. Tilsynet er første del i eit utviklingsarbeid når det gjelder tilsynsaktivitetane på folkehelseområdet.

Tilsynet omfatta kommunen sitt arbeid med å halde løpande oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på denne.

Målsetjinga for tilsynet var å sjå etter at kommunar som ikkje hadde sett i gang systematisk, løpande oversiktsarbeid, kom i gang med dette. «Å vere kome i gang» inneber at kommunane gjennom sin internkontroll har lagt til rette for at det løpande oversiktsarbeidet kan gjennomførast slik lov og forskrift legg opp til. Fylkesmennene fekk i tillegg i oppdrag å kartlegge det løpande oversiktsarbeidet i kommunar der arbeidet var kome i gang. Ut ifrå denne kartlegginga av status for arbeidet blei det i kvar kommune gjort ei vurdering og gitt rettleiing for det vidare arbeidet med oversikta over helsetilstand og påverknadsfaktorar.

Det vart ikkje påvist avvik under tilsyna. Fylkesmannen ser at det er ei utfordring for kommunane å sjå samanhangen mellom den oversikt over helse og påverknadsfaktorar som kommunen har, dei mål som er fastsett i kommunens planarbeidet og tiltaka i det daglege folkehelsearbeidet som skjer i tenestene.

# Betre oppvekst

**Kontaktperson: Rådgivar Anne Mette Nerbøberg tlf. 71**

**25 85 28, [anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no](mailto:anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no)**

Satsinga Betre oppvekst har no fått utvikla seg gjennom ein periode på tre år. Det formelle startsignalet var 26.01.2012, då fylkesmannen i Norland presenterte sitt prosjekt «Ungdom i svevet» for vårt embete. Vi har brukt den første perioden på å finne ei form og organisering som var egna for vårt embete. Vidare har vi brukt tid på å definere mål og arbeidsstrategiar. Metodane har heile tida vore under utvikling. Vi har vald å gjere «Betre oppvekst» til ei satsingsområde for fylkesmannen i Møre og Romsdal i staden for eit prosjekt. Vi meiner det har gitt oss eit større handlingsrom for å utvikle tenking og tiltak underveis, vurdert ut frå behov vi ser både i eigen organisasjon, i kommunane vi er i kontakt med, ut frå tema i media og i samfunnsdebatten.



I 2012 og 2013 har satsinga hatt mest fokus på interne prosessar og strategiar for å få opp eigen bevisstheit på barn og unge sine oppvekstvilkår. I 2014 har vi i større grad arbeid ut mot kommunane.

## KVALITETSTRATEGIEN: Viktig internt dokument

Er eit dokument som og har konsekvensar for vår eksterne aktivitet. Det oppmodar dei tilsette til å tenke barn og unge i all aktivitet hos Fylkesmannen jfr hovudmålet at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i alle saker og i all aktivitet. Når dette blir etterspurd og satt søkjelys på frå vår side, vil det få ringverknad ute i kommunane og hos andre vi er i kontakt med.

Barnekonvensjonen feira 25 års-jubileum i år. Fylkesmannen har markert jubileumsåret for Barnekonvensjonen på fleire vis, og sett det i samband med 200 års-jubileum for grunnloven. Fylkesmannen besøkte fleire skolar og hadde undervisning i demokrati og medverknad, og tok del i grunnlovs-seilasen, og gründercamp. For å sette fokus på det samla samfunnsansvaret statsetatane har i samband med barnekonvensjonen arrangerte vi work-shop for å starte opp arbeidet med ei felles erklæring for statlig etatar i vårt fylke. Sjølv dagen, 20. november vart feira med stort jubileumsarrangement for alle kommunar og andre samarbeidsparar.

I 2015 ønskjer vi å gå breiare ut med arbeidet rundt barnekonvensjonen. Vi vil i løpet av året sette i gang ei kartlegging av kommunane sitt tenestetilbod til barn og unge, sett i lys av Barnekonvensjonen..



# Kommuneøkonomi og økonomistyring

**Kontaktpersonar:** Seniorrådgivar **Martin G. Mortensen**, tlf. 71258440,  
[martin.gjendem.mortensen@fylkesmannen.no](mailto:martin.gjendem.mortensen@fylkesmannen.no) og rådgivar **Sissel Hol**, tlf. 71258449,  
[sissel.hol@fylkesmannen.no](mailto:sissel.hol@fylkesmannen.no)



## KOMMUNEØKONOMI:

### Lav inntekt og store utfordringar

Økonomien til kommunane i Noreg står ovanfor fleire utfordringar. Det er varsla lågare inntekter frå skatt og rammetilskot som følgje av uro i internasjonal økonomi.


Høg gjeld og lågt rentenivå gir høgare utgifter om renta stig. Samtidig kan pensjonskostnadene auke om situasjonen med låg rente og høg lønsvekst held fram. Det kjem også

endringar i rekneskapsføringa av pensjon som kan gi høgare rekneskapsførte utgifter enn før. Etter ei regelendring kan ikkje kommunane lenger bruke MVA-kompensasjonen frå investeringane til driftsføremål. Alle disse faktorane gjer at det er naudsynt for kommunane å kutte i tenestetilbodet eller auke inntektene.

## ROBEK: Fleire Robek-kommunar i 2014, men færre i 2015?

8 av 36 kommunar i Møre og Romsdal er i Robek (register over betinga kontroll og godkjenning). Kommunar i Robek er underlagt strengare statleg kontroll og oppfølging frå fylkesmannen si side. Ved inngangen til 2014 var 6 av kommunane i Møre og Romsdal i Robek. I løpet av 2014 blei også Ålesund og Volda meldt inn i Robek. Signala vi har fått frå fleire kommunar gjennom budsjettet for 2015, er at fleire kommunar slit med å få eit budsjett i balanse. Men det er også gledeleg at Gjemnes, Volda og Ørsta mest sannsynleg vil bli meldt ut av Robek i 2015. Fylkesmannen har ei tett oppfølging av kommunane som er i Robek no: Gjemnes, Fræna, Ålesund, Hareid, Stranda, Ørsta, Volda og Sykkylven.

## Robek-kartet 2014





### Kva er kjenneteikna på våre Robek-kommunar?

Det er ulike årsakar til at kommunane i Møre og Romsdal har hamna i Robek. Felles er at dei alle har hatt høgare driftsutgifter enn driftsinntekter over tid. Somme av dei har tapt pengar på børsinvesteringar. Dei fleste Robek-kommunane har høg lånegjeld, dei lånefinansierar ein større del av investeringane sine og nyttar lengst mogleg tid på å betale ned låna sine jamfør minste avdragsprinsippet. At gjelda aukar, kan vere eit symptom på ein stram kommuneøkonomi og at kommunane må låne pengar fordi dei ikkje har eigenkapital. Ved høgare lånegjeld vert det mindre pengar igjen til å produsere tenestar.

### DRIFT: 10 kommunar med negativt nettodriftsresultat

10 av kommunane i Møre og Romsdal har hatt eit negativt netto driftsresultat dei siste fem åra og det er her vi finn storparten av Robek-kommunane.


Netto driftsresultat er sett på som hovudindikatoren for den økonomiske situasjonen i kommunane. Netto driftsresultat er overskotet, eller underskotet, etter at tenestene og gjelda er betalt av årets inntekter. Fylkesmannen tilrår at netto driftsresultat over tid ligg på minst 3,0 pst av inntektene for at kommunane skal ha ein berekraftig økonomi og at kommunane si formue skal oppretthaldast. For kommunane i Møre og Romsdal har netto driftsresultat dei fem siste åra vore på litt over to prosent. 10 av kommunane har hatt eit negativt netto driftsresultat dei siste fem åra og det er her vi også finn storparten av Robek-kommunane.



Lånegjelda til kommunane i Møre og Romsdal stig jamt og trutt. Gjeldsgrada til kommunane i Møre og Romsdal ligg på 91,1 pst i 2013, omlag 15 pst over snittet til Noreg utan Oslo. Slik har det vore over fleire år og dei siste åra har kommunane her i fylket lånt meir enn landsgjennomsnittet. Storleiken på lånegjelda varierer mykje frå kommune til kommune. At gjelda auke kan vere eit symptom på ein stram kommuneøkonomi og at kommunane må låne pengar fordi dei ikkje har eigenkapital. Ved høgare lånegjeld vert det mindre pengar igjen til å produsere tenester.



Dei største investeringane til kommunane dei siste fem åra er innafor sektorane grunnskule, VAR-sektoren, kultur og bolig.



## EIGEDOMSSKATT: Sunnmøre kjem etter


### Det er kommunane i Romsdal, Nordmøre og dei tre største byane som har eigedomsskatt

Kommunane har få moglegheiter til å påverke inntektene sine sjølv, om ein ser bort i frå tiltak av meir indirekte karakter, som å gjere kommunen meir attraktiv for tilflytting og leggje forholda til rette for næringsutvikling. Det finst likevel eit unntak og det er eigedomsskatten. Av landets 428 kommunar hadde heile 341 innført eigedomsskatt i 2014. I vårt fylke hadde 23 kommunar eigedomsskatt i 2014. Eigedomsskatten ga ei inntekt til kommunane på totalt 645 mill. kr. Til samanlikning var det berre 10 kommunar som hadde eigedomsskatt i 2002 og det ga ei inntekt på 117,4 mill. kroner.

Tala viser i hovudtrekk at det er brorparten av kommunane i Romsdal, Nordmøre og dei tre største byane som har eigedomsskatt. Fleire av kommunane på Sunnmøre kom etter i 2014 og åra som kjem, då fleire av dei har vedteke å innføre eigedomsskatt frå og med i år.

## Eigedomsskattkartet for 2014

- Har ikkje eigedomsskatt
- Eigedomsskatt på verker, bruk eller næring
- Eigedomsskatt på bustader



## Dette går prosjektmidlane til

Fylkesmannen tildelte om lag 8 millionar kroner til utviklings- og innovasjonsprosjekt i kommunane i 2014. Med det aukar Fylkesmannen innsatsen frå tidligare år og vi ønskjer også større innsats på innovasjons- og utviklingsprosjekt i åra framover.

Fylkesmannen er opptatt av ein effektiv og kvalitativ god offentleg sektor. For kommunane vil det vere å skape attraktive, trygge og berekraftige lokalsamfunn der innbyggjarane har gode vilkår gjennom alle fasane i livet. Utvikling og innovasjon vil alltid vere viktig i eit slikt perspektiv.

### Betre oppvekst

Fylkesmannen har lansert ei fireårig satsing på barn og unge med visjon om «betre oppvekst for alle barn og unge i Møre og Romsdal». Gjennom satsinga ønskjer fylkesmannen å stimulere kommunane til utviklingsarbeid innan:

- Sikre barn og unge sin medverknad
- Betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- Betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- Redusere negative konsekvensar av sosiale skilnader

**Kontaktperson: Anne Mette Nerbøberg, tlf.: 71 25 85 28, [anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no](mailto:anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no)**

### Spesialundervisning og læringsmiljø

Det har vore ei kraftig auke i bruken av spesialundervisning dei siste åra og den totale ressursbruken (lærarressurs) er stabil . Det betyr at det blir mindre til ordinær undervisning. Fylkesmannen har gjennom fleire år lagt vekt på rettleiing. Fokus på læringsmiljø med mobbing og krenkande åtferd har vore stort siste året gjennom tilsyn og rettleiing. Det ser ikkje ut til at omfanget av mobbing er redusert dei siste åra, så det er viktig for skulane og skuleeigarane å halde oppe trykket på dette feltet.

**Kontaktperson: Alv Walgermo, tlf. 71 25 88 15, [alv.walgermo@fylkesmannen.no](mailto:alv.walgermo@fylkesmannen.no)**

### Velferdsteknologi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vore knytt til *Det Midtnorske Velferdsteknologiprojektet*, - ei felles regional satsing for utprøving av ulike velferdsteknologiske løysingar som vart avslutta ved utgangen av 2013. Fylkesmannen har prioritert midlar gjennom prosjektskjønn for å stimulere kommunane til utprøving av tilgjengeleg teknologi.

I Møre og Romsdal har ein gjort viktige erfaringar knytt til vandrealarm i sjukeheim (Rokilde sjukeheim , Kristiansund kommune) og brukt av spelteknologi og GPS-sporing (kommunane Vanylven, Herøy, Ulstein, Ørskog og Ålesund).

Det Midtnorske Velferdsteknologiprojektet er vidareført i 2014 som *Det Midtnorske velferdsteknologinettverket*. I vårt fylke har ein valt at koordinator for det Midtnorske velferdsteknologinettverket samarbeider tett med utviklingsenter for sjukeheim og heimetenester



(Ålesund kommune og Kristiansund kommune). Det vert no, i alle dei midtnorske fylka, gjennomført prosessrettleiing for kommunar som ynskjer å starte opp med velferdsteknologi. I Møre og Romsdal er det med 11 ulike kommunar. Resultatet frå dette prosjektet vert synt fram i ein Midtnorsk erfaringskonferanse i Ålesund 28.mai 2015 der alle dei om lag 30 kommunane som er med skal bidra med innlegg og stand.

I 2013 fekk Ålesund kommune i samarbeid med høgskulen i Ålesund midlar frå Fylkesmannen til å etablere ein samhandlingsarena for velferdsteknologi; ALV-Møre (Arena for Læring om Velferdsteknologi). Prosjektet fekk vidare midlar for 2014 og fungera no som ein tverrfagleg kompetansearena som hentar forskingsdata og erfaringar frå velferdsteknologiske prosjekt ute i dei kommunale verksemdene, og bidreg med tverrfagleg kompetanse ut igjen til verksemdene og til kommunar regionalt og nasjonalt. ALV-Møre opna i juni 2014 ei velferdsteknologisk demonstrasjonsleilegheit ved høgskulen i Ålesund som vert nytta til opplæring, utprøving og demonstrasjon. Les meir om dette på [www.alv-more.no](http://www.alv-more.no).

ALV-Møre samarbeider med og er aktiv med i Det Midtnorske velferdsteknologinettverket, utprøving av Skype i sjukeheim i Ålesund, «Jeg kan!» -prosjektet i Ålesund (teknologi for brukarstyring innan teneste for personar med utviklingshemming), Nettbrett i heimetenesta i Ålesund, Utprøving og implementering av GPS-sporing, utprøving og implementering av spelteknologi og kartlegging av behov for tryggleiksalarm/tryggleikspakkar i Vanylven, Herøy, Ulstein, Ørskog og Ålesund kommune. Meir om dette på <http://www.alesund.kommune.no/tjenester/helse/velferdsteknologi>

**Kontaktperson: Sverre Veiset, tlf: 71 25 86 31, [sverre.veiset@fylkesmannen.no](mailto:sverre.veiset@fylkesmannen.no)**

## Samfunnstryggleik og beredskap

Sivilbeskyttelseslova si lovfesting av kommunal beredskapsplikt har gitt kommunane nye oppgåver. Etter ansvarsprinsippet må desse oppgåvene løysast i den einskilde kommune, men fylkesmannen trur likevel at prosjekt som legg til rette for samarbeid og erfaringsdeling mellom fleire kommunar vil ha stor effekt. Fylkesmannen har i 2014 gitt støtte til eitt innovasjons- og utviklingsprosjekt innanfor samfunnstryggleik og beredskap.

- Regional beredskapsplan for fjellskred i Norddal

**Kontaktperson: Ketil M. Foldal, tlf: 71 25 84 83, [ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no)**

## Svartelista planteartar

Fylkesmannen registrerer at fleire framande, skadelege og svartelista planteartar spreier seg i kommunane. Det kan endre landskap og skade naturmangfaldet. Artar som tromsøpalme og kjempebjørnekjeks er også helseskadelege ved at dei har ei irriterande plantesaft. Fylkesmannen har støtta prosjekt i kommunane som kartlegg og registrerer slike førekomstar, utryddar dei lokalt og førebyggjar mot vidare spreiding.

**Kontaktperson: Ola Betten, tlf: 71 25 84 76, [ola.betten@fylkesmannen.no](mailto:ola.betten@fylkesmannen.no)**

## Tabellen under viser prosjekta som fikk støtte av Fylkesmannen:

Kommune	Samarbeidspartner	Namn på prosjektet
1502 Molde	Ålesund	Bekjemping svartelista planteartar
1502 Molde		Velferdsteknologi - Utpøving og system for deling
1502 Molde	Alle kommunene i Møre og Romsdal	Samhandlingsreformen
1504 Ålesund		Bekjemping framande planteartar
1504 Ålesund		ALV Møre/Videreføring av Arena for Løring om Velferdsteknologi
1504 Ålesund		Jeg kan!
1504 Ålesund		Aktivt demokrati for barn og unge
1505 Kristiansund		Morgendagens sykehjem - forprosjekt
1505 Kristiansund		Demokratiprogrammet
1505 Kristiansund		Ta grep - kvalitet i førskolen
1505 Kristiansund	Kommunene i Møre og Romsdal	Spes.ped førskulelørera - kompetanse og nettverk i fylket
1514 Sande	Vanylven, Herøy, Ulstein og Hareid	Marine grunnkart Søre Sunnmøre
1515 Herøy		Meir læring for fleire
1517 Hareid	Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta	Regionalt samarbeid og utvikling av samhandlingstjenester
1524 Norddal	NVE, Åknes/Tafjord IKS, Rauma, Stordal, Stranda, Ørskog, Skodje, Ålesund, Sykkylven og Ørsta	Regional beredskapsplan for fjellskred
1528 Sykkylven		Barn i utfordring
1532 Giske		Handlingskompetanse og samhandling for eit betre læringsmiljø
1534 Haram		Spesialundervisning og læringsmiljø
1539 Rauma	Ålesund, Molde, Midsund	Bekjemping svartelista planteartar
1539 Rauma	Vestnes	Ein raud tråd - spiren til utvikling?
1545 Midsund		Bekjemping svartelista planteartar
1546 Sandøy		Svartelista planteartar, vekt på bartre
1551 Eide		Bli' i Eide
1554 Averøy	Alle kommunene i Møre og Romsdal	Nettverk for psykososiale kriseteam
1563 Sunndal	24 kommunar i Møre og Romsdal	Dei utfordrande barna - Møre og Romsdal
1566 Surnadal		Velferdsteknologi i helhetlig pasientforløp
1567 Rindal	Surnadal og Halså	STOLT - Spesialundervisning - Tilpassa Oppløring - LavTerskeltilbud
1571 Halså		Ung medvirkning - barn og unges deltakelse i samfunnsplanlegginga
1571 Halså	Surnadal og Rindal	God oppløring for alle elever
1576 Aure		Fra grendahus til flerbrukshall - for alle

### Kontaktpersonar :

**Martin Gjendem Mortensen**, tlf. 71258440, [martin.gjendem.mortensen@fylkesmannen.no](mailto:martin.gjendem.mortensen@fylkesmannen.no)

**Sissel Hol**, tlf. 71258449, [sissel.hol@fylkesmannen.no](mailto:sissel.hol@fylkesmannen.no)

# Kommunereforma

**Kontaktperson: prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad, tlf: 71 25 84 47, mobil 99 15 85 49**

[vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no](mailto:vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no)

Dei siste 50 åra har kommunane fått stadig fleire oppgåver og auka ansvar. Kommunane er i dag heilt sentrale aktørar for å løyse viktige samfunnsoppgåver, og dette stiller store krav til kommunane. I tillegg må kommunane bu seg på å løyse og handtera stadig nye velferdsreformer.

Eit fleirtall på Stortinget slutta seg difor 18. juni 2014 til Regjeringa sitt forslag om gjennomføring av ein kommunereform i perioden 2014-2017. Fylkesmannen har fått i oppdrag å legge til rette og vere koordinator for prosessane, og KS er gitt ei viktig rolle i gjennomføringa av reforma.

## Overordna mål

Kommunereforma skal legge til rette for at fleire kommunar slår seg saman til større og meir robuste kommunar. Følgjande overordna mål er fastsett for reforma:

- **Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane.**
- **Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling.**
- **Berekraftige og økonomisk robuste kommunar.**
- **Styrka lokaldemokrati.**



*Nokre av medlemmane i Tenketanken trekker frisk luft.*

## Kommunereforma i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal begynte allereie før forslaget blei vedtatt i Stortinget å drøfte framtidig utvikling av kommunestruktur med kommunane. Fylkesmannen oppretta difor 3. jan. 2014 ein «Tenketank» satt saman av representantar frå politisk og administrativt miljø i kommunane, frå regionråda, KS, Møre og

Romsdal fylke, LO, NHO og høgskulen i Molde. Tenketanken

fungerer som ei referansegruppe, og har som formål å drøfta ulike problemstillingar og utfordringar og kome med innspel - knytt til kommunereforma. Tenketanken har hatt 5 møter i 2014, og Fylkesmannen har fått mange nyttige innspel til prosessen vidare. Alle kommunane har hatt besøk frå Fylkesmannen i løpet av året - utanom bykommunane Ålesund og Molde, men leiinga i bykommunane har vore invitert til eit eige møte med Fylkesmannen. Besøka/møta frå/med Fylkesmannen har hatt kommunereforma anten som hovedtema eller deltema. Nokon kommunar har hatt opptil fleire besøk frå Fylkesmannen der kommunereforma har vore hovedtema.

Fylkesmannen - i samarbeid med KS - gjennomførte oppstartskonferanse for kommunereforma 17. sept. 2014, der det blei gjeve informasjon om «oppdrag kommunereform. Fylkesmannen reknar denne konferansen som startskuddet for arbeidet med kommunereforma i kommunane. Fylkesmannen, Møre og Romsdal fylke, KS og dei 3 regionråda i fylket arrangerte dialogkonferanse i Ålesund 12. des. 2014 med 220 deltakarar til stades. Tema var sluttrapporten frå Ekspertutvalet og Møreforskning sin rapport om framtidig regioninndeling.

Fylkesmannen har i tillegg til kommunemøter og konferansar delteke på fleire folkemøter og møter med lag/foreningar/organisasjonar der bestillinga har vore å innleie om kommunereforma.

### **Regionrådet på Sunnmøre**

Regionrådet på Sunnmøre har fått i oppdrag frå kommunane å gjennomføre ei innbyggjarundersøking hausten 2014. Resultata frå denne undersøkinga blei lagt fram for kommunane på dialogkonferanse 25.09. 2014.

[http://www.sunnmoreregionrad.no/images/stories/Dokumenter/Kommunereform/Sentio -  
\\_Innbyggerunders%C3%B8kelsen.pdf](http://www.sunnmoreregionrad.no/images/stories/Dokumenter/Kommunereform/Sentio_-_Innbyggerunders%C3%B8kelsen.pdf)

### **Regionrådet i Romsdal(ROR)**

Regionrådet i Romsdal(ROR) til dømes fått i oppdrag frå kommunane å tilretteleggja for eit prosjekt i samfunnsutvikling og kommunestruktur i ROR.

Politisk arbeidsgruppe, prosjektgruppa og styringsgruppa fekk delrapporten presentert fredag 12. desember.

[http://www.romsdalregionrad.no/site/img/57/Presentasjon\\_samfunnsutvikling\\_121214\\_.pdf](http://www.romsdalregionrad.no/site/img/57/Presentasjon_samfunnsutvikling_121214_.pdf)

### **Regionrådet på Nordmøre (OrkIDE)**

OrkIDE har vedteke å tilsette prosjektleiar som skal arbeide med kommunereforma for kommunane på Nordmøre.

Alle regionråda får skjønnsmiddel i 2015 frå FM til å bistå kommunane med kommunereforma.


Regionråda har etter eiga organisering tilsette som arbeider med kommunereforma i 2015.



# Oppdrag kommunereform

Fylkesmannen har organisert oppdraget frå regjeringa i eit prosjekt, og prosjektleiar vart tilsett og starta i stillinga 20.okt. 2014. Prosjektleiar har i tillegg til Tenketanken, ei intern referansegruppe og ei prosjektgruppe knytt til seg i arbeidet med kommunereforma. Tilsette og leiarar er i tillegg engasjert i arbeidet med kommunereforma innan ulike fagområde hos Fylkesmannen. Det er kommunane som har ansvaret for dei lokale prosessane, og Fylkesmannen har ansvar for å ta eit felles grep i fylket for å oppnå ein regional heilskap og ei hensiktsmessig samordning på tvers av kommunane.

## Organisasjonskart for prosjektet:



## Økonomi og ressursar

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal får tilført ressursar til ein prosjektleiar i prosjektperioden, men vil også bruke fleire interne ressursar til arbeidet.
- Regjeringa har sett av nasjonale midlar til kommunereforma, som KS kan søke om midlar frå.
- Fylkesmannen kan be Kompetansesenteret for distriktsutvikling hjelpe prosjektleiaren.
- Det blir noko omprioritering av skjønsmidlar. Eks. alle kommunar med prosessvedtak i 2014 får kr. 200 000,- i 2015. (Dei tre bykommunane i fylket får kr. 500 000 kvar).

## Mål i Møre og Romsdal

I Møre og Romsdal skal alle fristar overhaldast i samsvar med dei nasjonale og lokale framdriftsplanane. Fylkesmannen skal medverke i prosessen saman med kommunane, og sjå til at alle kommunar er i gang i 2014 og avsluttar innan sommaren 2016.

## Overordna rammer

Sett frå eit nasjonalt perspektiv omfattar kommunereforma fire ulike delreformer:

- a) Oppgåvereform: Ein skal sjå på moglegheita for desentralisering av oppgåver frå fylkeskommunane, regional statsforvaltning og interkommunale oppgåver.
- b) Strukturreform: Både kommune- og fylkesinndelinga er til diskusjon, og også inndelinga av statsforvaltninga.
- c) Styringsreform:
  - modellar/regelverk for intern organisering/styring av kommunar
  - lovregulering av oppgåver
  - prinsippa for statleg styring av kommunane
  - rammer for styring av kommunal forvaltning (kommunelov, særlover)
- d) Finansieringsreform: Det blir sett på finansiering av kommunane, inntektssystemet blir gått gjennom i 2017, og det er lagt inn fleire verkemiddel for omstilling/kompensasjon i sjølve reformgjennomføringa.

Andre viktige prinsipp som ligg til grunn for kommunereforma:

- Vidareutvikling av eit generalistkommunesystem med like grunnoppgåver til alle kommunar.
- Det er ønskeleg med sterkare kvardagsregioner slik at det er samsvar mellom arbeids-, bustads- og serviceregioner.
- Lange avstandar og ønske om nærleik kan sikrast gjennom lokalstyre, kommunedelsorganisering, lokale servicekontor og andre interne organisasjonsløyningar.

- For å finne gode løysningar må det takast omsyn til spreidd busetjingsmønster, reiseavstandar, etablerte identitetsområde og langvarig interkommunalt samarbeid.

Gjennom prosjektet skal Fylkesmannen legge til rette for at alle kommunar gjennomfører utgreiingar i samsvar med Stortingets vedtak og regjeringas mandat og fattar kommunestyrevedtak innan våren 2016.


I tillegg til samanslutning av eksisterande kommunar, kan grensejusteringar og oppdeling av kommunar bli aktuelt. Stortinget har også opna for at fylkesgrensene kan vurderast.

Kommunestyrevedtaka i 36 kommunar skal danne grunnlaget for Fylkesmannens vurdering til Kommunal- og moderniseringsdepartementet hausten 2016.


I perioden 2017-2020 vil det bli ein fase med gjennomføring av sjølve kommunesamanslutningane, og dette vil krevje eit eget prosjektarbeid.

## Nasjonal framdriftsplan med milepælar

Stortinget har slutta seg til denne tidsplanen som regjeringa har foreslått:



## Det blir lagt opp til følgjande fasar i Møre og Romsdal:

<p>Fylkesmannen i Møre og Romsdal</p> <h3>Fase 1 - Oppstartsfase</h3> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Hausten 2014:</b> Alle kommunar i MR skal legge fram ei sak for kommunestyret og gjere vedtak, der politikarane tek stilling til <b>korleis</b> og <b>kva slags tiltak</b> ein skal gjennomføre for å få til ein god prosess i eigen kommune?<ul style="list-style-type: none"><li>– Eks. kor ofte skal kommunereforma vere tema i K-styret ?</li><li>– Kva slags grupper bør involverast i prosessen ?</li><li>– Ungdom, frivillige, næringsliv ?</li><li>– Korleis høyre innbyggjarane?</li><li>– Eigen «Tenketank» i kvar kommune ?</li></ul></li><li>– Kommunar som sender inn vedtak får skjønnsmiddel i 2015:<ul style="list-style-type: none"><li>• Kvar kommune får kr. 200 000</li><li>• Dei 3 største bykommunane får kr. 500 000</li></ul></li></ul> <p>Trygg framtid for folk og natur</p>	
<p>Fylkesmannen i Møre og Romsdal</p> <h3>Fase 2 - Utreiingsfase</h3> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Del 1: Vår 2015:</b> (før valet)<ul style="list-style-type: none"><li>– Kartleggja kommunanes utfordringsbilete- og bærekraft for framtida</li></ul></li><li>• <b>01.07.2015:</b> Undervegsrapport frå kommunane</li><li>• <b>Del 2: Haust 2015:</b> (Etter valet)<ul style="list-style-type: none"><li>– Nytt K-styre konstituerast i okt./nov.</li><li>– Opplæring av folkevalgte med ekstra merksemd på kommunereforma – (KS i samarbeid m/FM)</li></ul></li></ul> <p>Trygg framtid for folk og natur</p>	
<p>Fylkesmannen i Møre og Romsdal</p> <h3>Fase 3 - Avgjerd fase</h3> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Vår 2016:</b> skal alle kommunestyre handsame ei sak om sammenslåing av kommunar</li><li>• <b>1.7.2016:</b> Frist for innsending av vedtaket til FM:</li><li>• <b>Haust 2016:</b> FM oppsummerar vedtaka frå 36 kommuner</li><li>• <b>31.12.2016:</b> FM sender over si innstilling til KMD i</li><li>• <b>Heile 2016:</b> Tenketanken fungerer framleis som referansegruppe</li></ul> <p>Trygg framtid for folk og natur</p>	



## Etter at prosjektet er avslutta skjer følgjande:

- oppsummering frå Fylkesmannen og nasjonale vedtak hausten 2016/våren 2017
- gjennomførings- og iverksettingsfase 2017 – 2020 i samsvar med gjeldande lov om kommunesamanslåingar/grensejusteringar

## Verkty

- Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utarbeidd fleire verkty for kommunane til arbeidet med kommunereforma. Verkty og anna informasjon finn du her: [www.kommunereform.no](http://www.kommunereform.no)
- Fylkesmannen utarbeider kommunebilde for kvar kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune gir årleg ut ein fylkesstatistikk med omtalar, analysar og grafiske framstillingar av sentrale utviklingstrekk i Møre og Romsdal.

**Kontaktperson: prosjektleiar Vigdis Rotlid Vestad, tlf: 71 25 84 47, mobil 99 15 85 49**

**E-post: [vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no](mailto:vigdis.rotlid.vestad@fylkesmannen.no)**

# Justis- og beredskapsavdelinga



*Leiar: Direktør Helge Mogstad, tlf 71258444/92642280*

[helge.mogstad@fylkesmannen.no](mailto:helge.mogstad@fylkesmannen.no)

Felles for alle dei oppgåvene Justis- og beredskapsavdelinga løyser handlar om tryggleik – rettstryggleik og samfunnstryggleik.

Avdelinga fører tilsyn med den kommunale beredskapsplikta, og vi er klageinstans for ei rekkje kommunale vedtak. Etter kvart er vi og blitt ein stor førsteinstans, der arbeidet med verjemål er den største. I 2014 har arbeidet med å redusere liggetida på klagesakene hatt stor merksemd. Det same har arbeidet med å gjere ferdig FylkesROS.

## BEREDSKAP: Ny giv for fjellskredberedskapen




*Frå 1. januar 2015 tok NVE over ansvaret for overvakinga av Åkneset, Hegguraksla og Mannen.*

**Fylkesmannen er glad for at det no er semje om at Noregs vassdrags- og energidirektorat skal overta overvakinga av dei ustabile fjellpartia ved Åkneset og Hegguraksla på Sunnmøre og ved Mannen i Romsdalen.**

I praksis er det snakk om ei statleg overtaking av den verksemda som kommunane har bygt opp og drive som Åknes/Tafjord beredskap IKS (ÅTB). I dette ligg det ei stor ei stor anerkjenning av pionerarbeidet og samfunnsansvaret kommunane har teke på dette området. I løpet av ein

tiårsperiode har kommunane og dei andre beredskapsstyresmaktene utvikla heilt nye konsept for overvaking, varsling og beredskap mot fjellskred.

Parallelt med at NVE tek over ansvaret for overvakinga, vert det regionalt arbeid med ein hovudrevisjon av beredskapsplanverket. Arbeidet tek utgangspunkt i eit nytt nasjonalt rammeverk for fjellskredberedskap, og det blir laga nye planar for alle tre fjellskredobjekta i fylket.



*Det blir laga nye beredskapsplanar for alle fjellskreda i fylket.*

Det blir ikkje store endringar i fjellskredberedskapen, men ti år etter at beredskapen vart etablert og seks år etter den siste store øvinga, er det viktig med ein grundig gjennomgang og oppfrisking. Målet er at det reviderte planverket skal testast i ei eller fleire store øvingar i 2016 og/eller 2017.

**Kontaktperson: Fylkesberedskapssjef Ketil Matvik Foldal, tlf. 71 25 84 83,**  
[ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no)

## **BEREDSKAP: Veslemannen, evalueringsmøte 21. januar**

**Dei siste dagane av oktober var alle auge retta mot ein fjellknaus ovanfor garden Lyngheim i Romsdalen. 21. januar møttest dei involverte aktørane for å gå gjennom erfaringane frå i haust og bu seg på ein ny runde til våren.**

Fjellet som var i rørslle ligg tett inntil det overvaka fjellet Mannen og radarmålingar viste at rørsleane auka utover i oktober. All erfaring og geofagleg kunnskap tilsa at fjellet skulle kollapse og gå ut som eit skred som kunne truge både busetnad og jernbane.

Men tilfældighetene ville det annleis. Vinteren i høgfjellet kjem fort og denne gongen tok han innersvingen på både geologar, beredskapsstyresmakter, innbyggjarar og journalistar som aller helst hadde sett at skredet gjekk. Kulde og frost bremsa rørsleane, og målingar og analysar tilseier at det ikkje kan ventast skred før vinteren slepp taket. Så, medan overvakinga held fram, er dei andre beredskapstiltaka lagt i vinterdvale, med skorne på.

For – denne hendinga er ikkje over. Det er all grunn til å tru at fjellpartiet vil få auka rørsler når vinteren slepp taket, at det på ny vil verte nødvendig å innføre dei same beredskapstiltaka som i haust, og at skredet før elle seinare vil kome.

For å lære av første runde, og for å vere endå betre budd til runde to, vil involverte aktørar møtest til gjennomgang og evaluering 21. januar. Møtet er lagt til Åndalsnes og vil vere ope for media.

**Kontaktperson: Fylkesberedskapssjef Ketil Matvik Foldal, tlf. 71 25 84 83,**  
[ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no)

## TRYGGLEIK: God kunnskap og medvit i kommunane

**Hovudintrykket etter tilsyna med kommunane sitt beredskapsarbeid er høgt medvit og god kunnskap om kommunen sine plikter og ansvar ved ekstraordinære hendingar. Med få unntak er også pålagde beredskapsplanar på plass.**

Kommunane sitt ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i lokalsamfunnet vart formalisert gjennom sivilbeskyttelseslova som vart vedteken i 2010 og [forskrift om kommunal beredskapsplikt](#) som kom i 2011. Gjennom forskrifta fekk også fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta.



Fylkesmannen førte i tilsyn med 10 kommunar i 2013 og nye elleve i 2014: Vanylven, Herøy, Hareid, Norddal, Stordal, Ørskog, Haram, Vestnes, Midsund, Sandøy og Fræna. Dei 15 siste kommunane får besøk i 2015.

Hovudintrykket etter tilsyna i 2014 er at det i kommunane er høgt medvit og god kunnskap om kommunen sine plikter og ansvar ved ekstraordinære hendingar. Med få unntak er også pålagde beredskapsplanar på plass. Størst forbetningspotensial er det når det gjeld utarbeiding av risiko- og sårbarheitsanalysar og heilskapleg, risikobasert arbeid – med klare samanhengar mellom lokalt risikobilde, overordna kommuneplanlegging, førebygging av risiko, beredskapsplanlegging og øving.



Det store bildet er om lag som venta – eller litt betre. All erfaring frå ekstraordinære hendingar dei siste åra stadfestar bildet av høgt medvit, god beredskap og handlekraft når ekstraordinære situasjonar oppstår. At fleire kommunar heng etter i «papirarbeidet» med risiko- og sårbarheitsanalysar er heller ikkje overraskande – det er på dette området den nye lova og forskrifta føresette mest nybrottsarbeid.

To av kommunane vi førte tilsyn med i 2014 fekk ikkje avvik. Dette var Stordal og Vestnes. Ni av elleve kommunar fekk eitt eller fleire avvik – definert som manglande oppfølging av pålegg gitt i lov eller forskrift. Fylkesmannen er likevel positivt overraska over at fleire av kommunane berre fekk små avvik – nærast på detaljar. Og dessutan: at dei kommunane som har noko meir å gå på, alle brukte tilsyna på ein offensiv måte – gjennom aktivt å bidra til at tilsyna fungerte som statuskartleggingar som dei sjølve kan bruke i eige forbetningsarbeid.

Tilsynsrapportane er tilgjengelege på fylkesmannen sin nettstad. Rapportane blir publiserte der etter kvart som dei er klare. Per 09.01.2015 er det publisert ti rapportar frå 2013 og ti av elleve frå 2014. Den siste (frå tilsyn gjennomført i desember) kjem i løpet av januar.

**Kontaktperson: Fylkesberedskapssjef Ketil Matvik Foldal, tlf. 71 25 84 83,**  
[ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no)

## **KRISETEAM: Nettverk for psykososiale kriseteam er etablert**

24. september arrangerte fylkesmannen oppstartkonferanse for «Nettverk for kriseteam». Nettverket består av leiarane for kommunane sine psykososiale kriseteam, og den viktigaste oppgåva er å vere ein arena for fagleg utvikling og samordning. Og: å legge til rette for kompetanseheving, rettleiing og erfaringsdeling. Ta initiativ til kurs, konferansar og øvingar – utarbeiding av rettleiingsmateriell, plangrunnlag og malar. Nettverket skal også vere eit naturleg knutepunkt mellom kommunale kriseteam og viktige samarbeidspartnerar lokalt og regionalt.

Prosjektet har ein treårig tidshorisont og er lokalt forankra hos Averøy kommune. Ingrid Olavsdotter Nesland frå Averøy kommune er tilsett som nettverkskoordinator i 30% stilling.

**Kontaktperson: Fylkesberedskapssjef Ketil Matvik Foldal, tlf. 71 25 84 83,**  
[ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no](mailto:ketil.matvik.foldal@fylkesmannen.no)

## VERJEMÅL: Klar auke i talet på verjemål

Fylkesmannen har no vore lokal verjemålsstyresmakt i 1,5 år. På denne tida har talet på verjemål auka frå 2600, til om lag 3100 aktive verjemål i dag. Pr i dag forvaltar vi over 500 millionar kroner, mot ca 400 millionar 1.juli 2013.

Dei fleste som har oppnemnt verje er vaksne. Desse har ulike lidingar som gjer at dei ikkje fullt ut kan ta i vare sine interesser - både på det personlege og det økonomiske område. I tillegg forvaltar fylkesmannen formuen til dei mindreårige som er over 2 x folketrygdens grunnbeløp (kr 170 490 per 1. januar 2014). Desse midlane vert forvalta av fylkesmannen til dei er myndige.

### Privatrettslege alternativ som eit alternativ til offentleg verjemål.

Loven opnar for at dei som er komen i ein situasjon der ein ikkje fullt ut kan dra omsut for sine egne interesser ein sjølv kan råde over sitt eige liv. I staden for at fylkesmannen oppnemner verjemål, kan ein no opprette ei framtidfullmakt. Dette er eit alternativ for den som ønskjer å ordne tilhøva sine sjølv for ei framtid der ein sjølv ikkje lenger er i stand til å treffe egne avgjerder.

Ei legalfullmakt gjev den pårørande ein formell kompetanse til å representere nærstående i daglegdagse gjeremål på det økonomiske området, utan at det er oppnemnt verje. Dette er nyskapningar i den nye verjemålslova, og fylkesmannen legg til grunn at desse alternativa vil verte meir og meir brukt som eit alternativ til offentleg verjemål etter kvart som ordningane vert meir kjent.

Vi har over 2000 verjer i Møre og Romsdal. For at verjene våre skal gjere ein best mogleg jobb, er det naudsynt med opplæring og rettleiing. I 2015 vil vi derfor tilby ein ny runde med opplæring for alle verjene våre fleire stader i fylket.

**Kontaktperson: Fagansvarleg Ann Lilly Inderhaug Orvik, tlf: 71 25 85 35,**  
[fmmranov@fylkesmannen.no](mailto:fmmranov@fylkesmannen.no)




## FRI RETTSHJELP: Familiesaker blir prioritert

I 2014 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal mottatte 1034 søknader frå advokatar, tolkar og privatpersonar i høve saker om fritt rettsråd (utanomrettsleg bistand) og 142 søknader knytt til fri sakførsel.

Fri rettshjelp er ei statleg ordning for å sikre at personar med svak økonomi ikkje skal lide rettstap. Ordninga inneber at staten tar rekninga til advokathjelp.

Dei prioriterte saksfeltene er familiesaker (felleseigeskifte/økonomisk oppgjær etter sambuarskap og saker etter barnelova). Personskadeerstatning, klage etter folketrygdlova, oppseiing av arbeidsforhold og leieforhold etter arbeidsmiljølova og husleigelova.



For å kunne få fri rettshjelp må ein som einsleg ikkje ha ei årleg bruttoinntekt på over kr **246.000** og ektefellar/sambuvarar med samla årleg bruttoinntekt på under kr **369.000**.

Nettoformuegrensa er satt til kr **100.000**.

Det er i tillegg høve til å søke om fritt rettsråd på alle saksområde etter unntaksreglar, og døme på slike saker kan være barnevernssaker, gjeldssaker og sosialsaker. Ordninga har og nokre saksområde som ikkje er økonomisk behovsprøvd. Døme på slike saker er: klage i asylsaker, erstatning for urettmessig straffeforfølgning og bistand til personar utsett for

vald.

Ordninga har og nokre saksområde som ikkje er økonomisk behovsprøvd. Døme på slike saker er: klage i asylsaker, erstatning for urettmessig straffeforfølgning og bistand til personar utsett for vald.

Fylkesmannen har totalt utbetalt **kr 5.386.830,-** gjennom ordninga med fri rettshjelp i 2014 . Av dette beløpet er **kr 582.212,-** salær for kontrollkommissjonen.

**Kr 394.777,-** av beløpet er utgifter til tolk, i hovudsak asylsaker. Resterande **Kr 4.409.841 ,-** er salær til advokater i fritt rettsråd saker.

**Kontaktperson: Fagansvarleg Tove Røberg, tlf: 71 25 84 45, [tove.roberg@fylkesmannen.no](mailto:tove.roberg@fylkesmannen.no)**


## SKILSMISSE: Separasjon og skilsmisse

Fylkesmannen i Møre og Romsdal behandlar separasjon- og skilsmisселøyve etter ekteskapslova:

Tal på løyve for åra 2010-2014:


År	Separasjon	Skilsmisse	Ekteskap inng. (Mannens bostedsadr)
2014	492	447	Tala er ikkje tilgjengelig
2013	573	427	1059
2012	520	455	1104
2011	476	438	1045
2010	573	448	1077

I 2014 vart det oppløyst 20 fleire ekteskap ved skilsmisse og tatt ut 81 færre separasjonar enn i 2013.



Antall inngående poster fordelt pr mnd





Antall separasjonsbevillinger og skilsmissebevillinger pr mnd

**Kontaktpersonar:** Fagansvarlig Tove Røberg, Tlf 71 25 84 45, [tove.roberg@fylkesmannen.no](mailto:tove.roberg@fylkesmannen.no)



## TRU OG LIV: Pinsemenigheter dominerer

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har totalt 36 registrerte trudoms- og livssynssamfunn pr. 01.01.2014. 29 av trudemssamfunna er registeret med forstandar som har vigselsrett.

Heile 16 av dei registrerte trudemssamfunna er Pinsemenigheter. Møre og Romsdal har tre muslimske trossamfunn.

Statstilskottet pr. medlem for registrerte trudemssamfunn var i 2014 på kr 449,-.

I 2014 er det samla utbetalt kr 2.331.121,- i statstilskott.

**Kontaktpersonar:** Fagansvarleg Tove Røberg, tlf 71 25 84 45, [tove.roberg@fylkesmannen.no](mailto:tove.roberg@fylkesmannen.no) og rådgivar Anita Ødegård Lillås, tlf 71 25 8521 [anita.odegard.lillas@fylkesmannen.no](mailto:anita.odegard.lillas@fylkesmannen.no)

## OSKESPREIING: Jamt med søknadar

**Også i 2014 har mange søkt om løyve til oskespreiing.**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal handsama 65 saker om oskespreiing. Dette er omtrent same mengd som i 2013. Årsaken til at mange vel å nytte ordninga er at den er betre kjent, familiestrukturane er i endring, folk flyttar meir og ynskjer ikkje å etterlate seg gravminner.

Løyve til oskespreiing er avgrensa til å gjelde på opent hav eller på høgfjellet. På fjellet føreset ein at området der handlinga skal utførast, har eit aude preg, at det ikkje er turstiar, vasskjelder, hytte eller fritidsbusetnad på staden.

Dei fleste sakene er førehandsøknader der søkjar sjølv ber om løyve til spreiiing av oske etter død og kremasjon. Nære pårørande kan og søke på avdøde sine vegne. Det må då godtgjerast at den avdøde sjølv har hatt eit klart ynskje om spreiiing av oska. Ynskje om oskespreiing kan vere skrivne dokument, eller at fleire nære pårørande, kan stadfeste at avlidne har ynskja spreiiing av oske for vinden.

**Kontaktperson: Fagansvarleg Tove Røberg, tlf: 71 25 84 45, [tove.roberg@fylkesmannen.no](mailto:tove.roberg@fylkesmannen.no)**

## KLAGESAKER: Markant forbetring i sakshandsamingstid

**Fylkesmannen har i løpet av 2014 oppnådd markant forbetring av vår behandlingstid, samstundes som vi har behandla om lag 100 fleire klagesaker enn i 2013.**

Vi vil også for 2015 ha fokus på å forbetre saksbehandlingstida.

Fylkesmannen har behandla om lag 250 klagesaker etter plan- og bygningslova i 2014. I om lag 1/4 av sakene har klagen blitt tatt til følgje. I tillegg har vi handsama fem klagesaker som gjaldt oreigning etter plan- og bygningslova. Talet på innkomne klagesaker var på om lag 180.

Viktige satsingsområde for regjeringa er mellom anna ein enklare plan- og bygningslov, og eit sterkare fokus på det kommunale sjølvstyre. Stortinget har i 2014 vedteke endringar i byggesaksdelen i plan- og bygningslova der nettopp omsynet til å oppnå ein enklare lov er framheva. Desse vil tre i kraft i 2015. Også plandelen til plan- og bygningsdelen har vore på høyring med sikte på å oppnå enklare planprosessar.

Fylkesmannen har i 2014 hatt større merksemd på å styrke kompetansen i kommunane. Dette då vi ser at kvaliteten på byggesaksbehandlinga er høgst varierende. Dette vil vi halde fram med i 2015.

**Kontaktperson: Fagansvarleg Ingrid Heggdal Larsen, tlf 71258479, [ingrid.heggdal.larsen@fmmr.no](mailto:ingrid.heggdal.larsen@fmmr.no)**

# Miljøvern



**Leiar: Miljøverndirektør Linda Aaram, tlf 71 25 84 23**  
[linda.aaram@fylkesmannen.no](mailto:linda.aaram@fylkesmannen.no)

Eit overordna mål for alt miljøarbeid er berekraftig utvikling. Miljøvern er eit omfattande fagfelt som dekkjer alt frå arealforvaltning og forureining til naturmangfald og forvaltning av fisk og vilt. Miljøvernavingdelinga har ansvaret for å forvalte over 200 store og små verneområde, sikre at miljøomsyn vert ivaretatt i planprosessar og gje utsleppsløyver samt føre forureiningstilsyn med verksemdar.

Alle sektorar har eit ansvar for å ta omsyn til miljøet i si eiga verksemd. Fylkesmannen skal medverke til at miljø- og arealpolitikken til regjeringa blir gjennomført på regionalt og lokalt nivå. Kommunane har ei sentral rolle i miljøvernarbeidet. Rettleiing og oppfølging av kommunane er derfor ei viktig oppgåve for miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen.



*Smålom på Smøla. FOTO: Espen Dahl*



*Gaupa tar sau.*

## ROVVILT: Erstatning for rovviltskade 2014

**Fylkesmannen har handsama erstatningssøknader for 1737 sau tapt på beite i 2014. Halvparten av desse er enten dokumentert tapt til freda rovvilt eller sannsynleggjort drept av freda rovvilt.**

Det vert utbetalt rovviltskadeerstatning for 882 sauer i år. Dette er 104 fleire enn i 2013, då det vart erstatta 778 sauer. Ser ein attende på erstatningane tidlegare år, er det 2007 som står att som eit ekstremår med over 2200 erstatta sau. Samla erstatningsbeløp for 2014. er på kr. 2 074 474,-. I fjor var samla utbetaling vel 1,6 millionar kroner. I værstingåret 2007 vart det utbetalt erstatning for 4,4 mill kroner her i fylket.

Erstatninga er ytt på grunnlag av sannsynleggjort eller dokumentert skade. 721 sauer er erstatta på grunn av jerveskade, 104 på grunn av gaupeskade, 19 på grunn av kongeørnskade og 29 på grunn av ulveskade.

Det er fleire beiteområde med store sauetap som har fått dokumentert freda rovvilt som skadevaldar gjennom Statens naturoppsyn (SNO) sine kadaverundersøkingar. Tapa er forholdsvis godt dokumenterte i kommunane med store tap til jerv. I år er det ved obduksjon dokumentert at jerv har avliva totalt 28 sauer, gaupe har tatt 8, kongeørn 8 og ulv 20 (Sykkylven). I 2013 var det til samanlikning dokumentert 12 jerveskadar, 3 gaupeskader, 3 kongeørnskadar og 32 ulveskadar (Nesset og Sunndal). Verken i år eller i fjor hadde fylket besøk av bjørn som gjorde skade i saueflokkane.

Det er svært vanskeleg å finne kadaver på utmarksbeite, så hovuddelen av erstatninga blir ytt på grunn av at vi ser freda rovvilt som den mest trulege årsaka til at tapa er høgare enn det som er rekna som normaltap. Ingen får erstatta tap av sau innafor normaltapet så sant dette tapet ikkje er dokumentert av SNO.

Vi legg stor vekt på dokumenterte rovviltskadar i søknadsåret i det beiteområdet som søknaden kjem frå. Det er 70 gardbrukarar som har søkt om erstatning i år. I 2013 var det 48 som søkte.

Det har vore tre rovviltsaker som har vore mykje omtala i media.

I mai fekk Stranda og Sykkylven besøk av ein eitt år gamal hannulv. Ulven, som hadde vandra frå sør i Sverige, gjorde skade i saueflokkar i begge kommunane, og blei felt ved skadefelling i Sykkylven 5. juni. I Vermedalen i Rauma har det vore svært store tap knytt til jerv i år.



Gaupa har etablert seg på Romsdalshalvøya, og det er for første gong dokumentert gaupeyngling i Fræna. Det har vore store husdyrtap i Fræna i denne beitesesongen, noko som gjenspeglar seg i talet på søknader om rovvilterstatning. Det er imidlertid erstatta kun

**Kontaktperson: Viltforvaltar Astrid Buset, 71 25 85 41, [astrid.buset@fylkesmannen.no](mailto:astrid.buset@fylkesmannen.no)**

## FORUREINING: Fylkesmannen på forureiningstilsyn hos skipsverfta

11 av dei største skipsverfta i Møre og Romsdal blei kontrollert som del av ein landsdekkjande tilsynsaksjon denne hausten. Fylkesmannen konkluderer med at verfta må jobbe vidare med å redusere sine utslepp til sjø, handtere avfallet sitt betre og handtere støy på ein betre måte.



*Fylkesmannen og Miljødirektoratet har kontrollert om verfta samlar opp avverka maling og botnstoff frå vedlikehald av skip. Foto: Fylkesmannen i Møre og Romsdal/Thomas Aurdal*

Verfta som blei kontrollerte har ulike utfordringar knytt til miljøverknad . Verfta som driv reparasjon og vedlikehald av skip har større fare for utslepp til sjø når gammalt botnstoff og maling fjernast ved høgtrykksspyling eller anna mekanisk handsaming. Verfta som har denne typen aktivitet gjer ikkje nok for å samle opp avverka maling og botnstoff og hadde i for liten grad kontroll på innhaldet i vatnet dei slepp ut i sjøen. Regelverket stiller krav om at avverka materiale skal samlast opp og at verftet skal kjenne til innhaldet i vatn som blir slept ut. Om utsleppa er store så kan det stillast krav om ekstra reinsing av vatnet.

Verfta som byggjer og utrustar nye skip har i mindre grad utslepp av farlege stoff til sjøen. På desse verfta blei det mellom anna peika på manglar ved handtering og lagring av avfall. Verfta handterer mykje farleg avfall som til dømes olje, og utan ei sikker handtering og lagring er risikoen for utslepp og miljøskade stor. Fylkesmannen såg og på om avfall frå verfta bidreg til forsøpling av sjøen og områda rundt verfta. Inntrykket var at dei fleste verfta held god orden, men at nokre av verfta kan

gjere dette betre. Marin forsøpling er eit stort miljøproblem og Fylkesmannen meiner verksemdar som ligg utsett til en må gjere det dei kan for å unngå at dei bidreg til problemet.

Fleire av verfta i fylket ligg slik til at dei kan påverke bustader i nærleiken og støy og utslepp til luft kan til tider opplevast som sjenerande. Fylkesmannen har under aksjonen informert om kva for krav som gjeld på desse områda og verfta si plikt til å handtere desse utfordringane på best mogleg måte. For desse og andre miljøforhold har verfta plikt til å kartleggje risikotilhøva ved verksemda og gjere naudsynte grep for å rette opp og førebyggje brot på reglar og skade på miljø. Det blei funne avvik hos mange av verfta på desse områda.

Sjølv om verfta som blei kontrollert denne hausten kan forbetre drifta si på mange miljøområde, er utsleppa av miljøgifter frå bygging og vedlikehald av skip på veg ned. Denne reduksjonen er eit viktig ledd i arbeidet for eit giftfritt miljø. Skipsverftslokalitetar er, saman med utvalde prioriterte havnar og fjordar, peika på som område der innhald av miljøgifter i grunn og sjøbotn er så høgt at det må vurderast å gjere tiltak. Før ein gjer slike tiltak må dei viktigaste kjeldene til miljøgifter på land vere stansa. Fylkesmannen vil fortsette å arbeide for at næringa utviklar seg i ei berekraftig retning, med mellom anna oppfølging av haustens aksjon og kontrollar ved fleire verft i 2015.

**Kontaktperson : Overingeniør Anne Melbø, tlf: 7125851, [anne.melbo@fylkesmannen.no](mailto:anne.melbo@fylkesmannen.no)**

## **VERN: Ni av ti får dispensasjon i verneområda**

**Fylkesmannen har behandla 32 dispensasjonssaker i verneområda i 2014. I følge Miljøvedtaksregisteret er det gjeve dispensasjon i 28 av sakene. Dette er heilt på line med praksisen hos andre fylkesmenn og lokal verneområdeforvaltning.**

Fylkesmannen forvaltar ca. 200 naturreservat og andre verneområde. I desse er det forbod mot inngrep og ein del aktivitetar. Verneforskriftene opnar for at forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon for visse tiltak om dei ikkje skadar verneverdiane. Naturmangfaldlova har også heimel for å kunne gje dispensasjon for mindre tiltak og aktivitetar som ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig, eller for tryggleikstiltak eller når vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Døme på tiltak som har fått løyve, er: Mindre hogstar, tilrettelegging av turstiar, naturundersøkingar/filmopptak og utskifting av tekniske installasjonar.

Tiltak som vil kunne skade verneverdiane vil framleis få avslag. I 2014 vart det avslått helikoptertransport av turistar til Svinøya, utslepp av forureina vatn til eit våtmarksreservat og motorferdsel og utviding av sti i to skogreservat. Svinøya-avslaget er påklaga.


Det er gjort ei nasjonal kartlegging av bruken av naturmangfaldlova. Firmaet Multiconsult konkluderte med at lova fungerte som verktøy for å ta vare på natur og at det ikkje var store problem med praktiseringa. <https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Gjennomgang-av-praktisering-av-naturmangfoldloven/id2005758/>. Det var ikkje råd å påvise forskjellar i dispensasjonspraksisen mellom fylkesmenn og lokale forvaltningsstyre.

Alle kan sjå vedtak i verneområda på [miljovedtak.no](http://miljovedtak.no). Dette er eit nytt register for vedtak om m.a. rovvilt, utsetjing av utanlandske treslag og verneområde. Det ligg inne 171 vedtak som gjeld Møre og Romsdal.



Tynningshogst ved Nåsvatnet

### Fordeling på ulike typar dispensasjonar 2014:



Kontaktperson: Fagansvarleg Ola Betten tlf 71 25 84 76, [ola.betten@fylkesmannen.no](mailto:ola.betten@fylkesmannen.no)



## PROSJEKT BORGUNDFJORDEN: På veg mot ein tryggare Aspevåg

Borgundfjorden ved Ålesund er eit av dei mest forureina hamneområda i landet, og er derfor med på lista over prioriterte område i ein nasjonal handlingsplan for opprydding i forureina sjøbotn.



*Ålesund og Aspevågen sett frå Sukkertoppen. FOTO: Thomas Aurdal*

I 2014 sendte Fylkesmannen ut pålegg om miljøundersøkingar ved ei rekke lokalitetar i Ålesund i tilknytning til «Prosjekt Borgundfjorden». Dei pålagte undersøkingane skal avklare om forureina grunn på land bidreg til forureining av sedimenta i Aspevågen. Målet for heile prosjektet er ein reinare Aspevåg som skal vere trygg både for folk og natur.

Før ein startar med opprydding i sjøen må det gjerast fleire undersøkingar og eventuelt tiltak på land for å hindre at miljøgifter skal lekke ut. Til no er det berre eit fåtal eigedomar som har vorte undersøkt for forureining, men ved fleire av desse er det oppdaga høge nivå av miljøgifter i grunnen. I 2014 er det derfor sendt ut pålegg om å få gjennomført miljøundersøkingar og risiko- og tiltaksvurderingar til ei rekke grunneigarar i Ålesund med eigedomar nær sjøen.

Pålegg om miljøundersøkingar er gitt ved både privat og kommunal grunn, i hovudsak på grunnlag av tidlegare forureinande aktivitet ved eigedomane. Dei grunneigarane som har fått pålegg må ta kontakt med eit konsulentfirma som kan utføre miljøundersøkingane for dei, og undersøkingane må vere ferdige innan september 2015.

Grunneigarane med tilknytning til same lokalitet har vorte oppmoda om å inngå eit samarbeid om undersøkingane då dette vil vere det beste alternativet både med tanke på økonomi og på resultat.

For å hjelpe grunneigarane på veg har Fylkesmannen invitert alle involverte grunneigarar til møte på Rådhuset i Ålesund i slutten av januar 2015. Til dette møtet kjem representantar frå Fylkesmannen, Miljødirektoratet, Ålesund kommune og konsulentfirmaet Rambøll.

I januar vil det også haldast eit møte mellom Fylkesmannen, Miljødirektoratet, Kystverket og Rambøll der ein vil sjå på vidare miljøtiltak i sjø. At Borgundfjorden er med blant dei prioriterte områda, betyr også at staten prioriterer å betale for opprydding i sjø. For å få pengar til sjølve opprydding må det ligge eit god utarbeida prosjekt i botn, der ein også har kontroll på eventuelle miljøgifter som lekk ut frå grunn til sjø. Rambøll arbeidar for tida med ei overordna tiltaksplan for opprydding på sjøbotnen i Borgundfjorden.

Det er framleis for tidleg å seie når oppryddinga i sjøen kan settast i gong, men når tiltaksplana frå Rambøll no snart er ferdig, og resultatane frå dei pålagte undersøkingane på land føreligg hausten 2015, vil prosjektet ha kome eit langt skritt vidare mot ein reinare Aspevåg.

**Kontaktpersonar: Overingeniør Thomas Aurdal , tlf: 71258467, [fmmrthau@fylkesmannen.no](mailto:fmmrthau@fylkesmannen.no), og fagansvarlig Anne Melbø, tlf: 71258515, [fmmranml@fylkesmannen.no](mailto:fmmranml@fylkesmannen.no)**



*Solnørelva.*

## FORVALTNING AV LAKSEELVAR: Laksebestanden i Solnørelva

Solnørelva er eit viktig laksevassdrag på Sunnmøre med stor lokal interesse. Lokalt har det vore eit ønskje om å sette ut lakseungar frå eige klekkeri, medan Fylkesmannen har ønska å la bestanden produsere seg sjølv ved naturleg gyting i elva.

Våren 2014 kom nye retningsliner frå Miljødirektoratet om utsetting av fiskeungar. Retningslinene slår fast at i elvar med tilsvarende kvalitet og føresetnader for eigen naturleg fiskeproduksjon som i Solnørelva, skal det ikkje finne stad utsetting av fiskeungar. Det vart søkt om konsesjon for å drive klekkeri. Denne søknaden vart avslått av Fylkesmannen ut frå at Solnørelva har god eigenproduksjon av laks. Klagen vart behandla av Miljødirektoratet og her vart klagen gjeve medhald, dvs det er ikkje gjeve løyve for drift av klekkeri for utsetting



av fiskeungar i Solnørelva.

Fylkesmannen er i god kontakt med miljøet knytt til Solnørelva, og vi har allereie signalisert vilje til å bidra i arbeidet med å styrke bestandane av laks og sjøaure i elva gjennom anna innsats.

Fylkesmannen har gjeve tilskot til montering av fisketeljar for å overvake gytebestanden, noko som gjer det enklare å tilpasse uttaket av laks i fiskesesongen. Det kan også bli aktuelt å støtte andre tiltak i åra framover som t.d biotopjustering i vassdraget.

## LAKSEPARASITT: 35 MNOK til laksesperre i Driva

**Elva Driva er hardt råka av lakseparasitten Gyrodactylus salaris. I fleire år har ein diskutert korleis ein skal få bukt med lakseparasitten i elva. No seier Miljøverndepartementet ja til å bygge ei fiskesperre i elva og seinare behandle den kjemisk for å utrydde parasitten. Det er satt av 35 MNOK i statsbudsjettet for 2015 til å bygge ei laksesperre i elva for å utrydde parasitten.**

Det er planlagt bygging av ei fiskesperre ved Snøvassmælen i Driva ca 25 km øst for Sunndalsøra i Sunndal kommune. Formålet med sperra er å begrense området som skal behandlast med kjemikaliar for å utrydde lakseparasitten Gyrodactylus salaris. Dersom dette blir oppnådd vil både Driva og dei andre elvane i regionen igjen kunne bli viktige laksevassdrag.

I 2014 har det vore gjort førebunde arbeid i høve etablering av fiskesperre i Driva ved blant anna utarbeiding av detaljplan. Detaljplanen for fiskesperra blei godkjend av NVE før jul.

**Kontaktpersonar: Seniorrådgivar Trond Haukebø, tlf: 97524064, [fmmrtha@fylkesmannen.no](mailto:fmmrtha@fylkesmannen.no), og ass. miljøverndirektør Ulf Lucassen, tlf: 71258859, [fmmrullu@fylkesmannen.no](mailto:fmmrullu@fylkesmannen.no)**

### Generelle hovedprioriteringer i miljøforvaltninga i 2015

- Vidareutvikling og bruk av kunnskapsgrunnlaget i miljøforvaltninga
- Ivareta miljøhensyn i planprosessar etter plan- og bygningsloven.
- Bidra til utsleppsreduksjon av klimagassar og ivareta omsyn til klimaendringar og klimatilpassing i sitt arbeid
- Vassforvaltning
- Opprydding i forureina sjøbotn ved prioriterte skipsverft
- Avfallsplanar i hamner
- Delegering av forvaltningsplaner små verneområder
- Forureiningstilsyn

# Landbruk



**Leiar: Landbruksdirektør Anne Berit Løset, 71258126,  
[anne.berit.loset@fylkesmannen.no](mailto:anne.berit.loset@fylkesmannen.no)**

Fylkesmannen skal følge opp og gjennomføre den nasjonale landbrukspolitikken, og samarbeider tett med landbruket sine organisasjonar, fylkeskommunen og kommunane. Forvaltning av inntektspolitiske virkemiddel, arealforvaltning og næringsutvikling med basis i jordbruk, skogbruk og tilknytte næringar er sentrale samarbeidsområde.



*Næringsutvikling med basis i jordbruk og skogbruk er sentrale samarbeidsområde. FOTO: Fmmr*


## JORDBRUK: Store strukturendringar

**Landbruksnæringa forandrar seg fort. Driftseiningane blir større og færre, og produktivetsveksten er større enn i praktisk talt alle andre næringar.**

Gjennomsnittsbuket har omtrent 200 dekar jordbruksareal, mot 140 rundt årtusenskiftet. Mjølkeproduksjonen er den viktigaste enkeltproduksjonen i fylket, og buskapane har auka frå vel 14 til nesten 25 kyr i 2014. I 2000 var det meir enn 4600 gardbrukarar i fylket, men talet har minka til


2752 no. Noko areal har gått ut av drift, men svært mykje av arealet til dei som slutta blir i dag drive av andre, som vil satse i landbruket.

Bruka har blitt større og større for kvart år. Når ein gardbrukar har lagt ned drifta, har ein annan leigd arealet og utvida sin eigen produksjon. Dette kan illustrerast med diagrammet som viser utviklinga i tal dekar disponert areal per føretak.




Dei som slutta å drive, eig framleis jorda, men leiger den bort. Dette fører til at dei som driv, eig stadig mindre andel av jorda dei disponerer.

**Kontaktperson: Anne Berit Løset, 71258126, [anne.berit.loset@fylkesmannen.no](mailto:anne.berit.loset@fylkesmannen.no)**



I 2000 eigde kvar enkelt bonde sjølv ca 70% av jorda dei dreiv. I dag er dette redusert til ca 50 %. Mange har berre kortsiktige avtaler på jorda dei leiger, noko som gjer det lite interessant å investere i drenering og liknande tiltak. På lenger sikt kan jorda derfor bli forsumpa.



I 2000 var det 2247 bønder i fylket som dreiv med mjølkeproduksjon, mot 869 i dag.

**Kontaktperson: Anne Berit Løset, 71258126, [anne.berit.loset@fylkesmannen.no](mailto:anne.berit.loset@fylkesmannen.no)**

## SKOGBRUK: Bruk av tre som byggemateriell er i vinden

Tradisjonelt har marknaden vore mindre hus, men nå er trevirke også konkurransedyktige for andre større byggverk.

Tre som byggemateriell er lett, sterkt og fornybart. Bruksområde er stort, med alt frå bruer og høghus til møbler og interiør.

I Møre og Romsdal er fleire forbildeprosjekt for moderne bruk av tre enten bygd, er under bygging eller planlegging. Døme er den nye terminalen på Årø Lufthamn Molde, Skimuseet i Rindal, Romsdalsmuseet, Romsdal Vidaregåande Skule og Fjordsenteret i Geiranger.

Dette kan knytast til blant anna den nasjonale tresatsinga frå Landbruks- og matdepartementet, Innovasjon Norge og tredrivarnettverket regionalt og nasjonalt.

**Kontaktperson: Fylkesskogmeister og tredrivar Kåre Kristen Totlund 71 25 81 27, [kare.totlund@fylkesmannen.no](mailto:kare.totlund@fylkesmannen.no)**

## TREINDUSTRIEN: Offensiv satsing på Nordmøre

Treindustrien på Nordmøre ønskjer å etablere eit bedriftsnettverk for å vidareutvikle sine bedrifter og ta nye marknader. Forprosjekt er gjennomført og eit 3-årig hovudprosjekt er planlagt starta opp i januar 2015. Seks bedrifter vil delta i nettverket, desse bedriftene sto til saman for ei lokal verdiskaping på over 65 millionar kroner i 2013.

Bedriftsnettverket er eit resultat av ei felles satsing mellom SIV- Industriinkubator i Surnadal og prosjektet «Tredrivaren i Møre og Romsdal».

**Kontaktperson: Fylkesskogmeister og tredrivar Kåre Kristen Totlund 71 25 81 27, [kare.totlund@fylkesmannen.no](mailto:kare.totlund@fylkesmannen.no)**

## HOGST: Auke i avverkinga

Avverkinga i 2014 vert større enn i 2013 (196 000 m<sup>3</sup>). Dette skjer trass i at hogsten i 2013 var prega av omfattande vindfallhogst. Årleg hogstkvantum er dobla på fem år. Fylket er no i ein haustingsfase av kulturskogen som vart planta på 50-tallet og framover. Rauma kommune har hatt størst avverking det siste året (over 30 000 m<sup>3</sup>). Volumet i Rauma åleine utgjer minst 800 fulle tømmervogntog. Nesten



all hogst på vanleg skogsmark er utført med hogstmaskin, medan tømmeret i dei brattaste liene vert teke fram ved hjelp av taubaner. Allskog er den dominerande tømmerkjøparen og entreprenøren, men Nordtømmer har og rimeleg jamn aktivitet i fylket. Det har blitt auka kapasitet blant dei lokale skogsentreprenørane. Storparten av tømmeret vert skipa ut av fylket. Sagtømmeret vert eksportert, medan massevirke vert skipa til anlegg hjå Norske Skog.

**Kontaktperson: Fylkesskogmeister Odd Løset 71 25 82 12. [odd.loset@fylkesmannen.no](mailto:odd.loset@fylkesmannen.no)**

## PLANTING: Frosttørke og auka skogplanting

Vinteren 2013/2014 var prega av lite snø og nedbør, samt mykje tørr vind frå aust. Dette gjorde at mykje lyng og skogplanter tørka ut.

Vintergrøn lyng blei brun over store areal. I dei mest vindeksponerte områda, m.a. i Rauma og Sunndal, vart også eldre skog brun. I løpet av sommaren har denne skogen kome med nye årsskot og ser ut til å klare seg. Lyngartane har og kome med nye årsskot, men mengda bladverk er langt mindre enn i eit normalår. Det er usikkert kva effekt dette vil ha for tilgang på vinterbeite for fuglar og hjortedyra i vinter.



Frosttørken førte til stor avgang i plantefelta frå 2013, men og plantefelt av eldre årgangar var ramma. Det er rapportert om omfattande frosttørke frå dei fleste kommunane i fylket. Størst var skadane i Tingvoll kommune, og dette førte til at mykje måtte plantast på nytt. Totalt for fylket er det stipulert ein avgang på 60 % av plantene som blei sett ut i 2013. Det finst ikkje ordningar som dekkjer slik skade, og dette har ført til store ekstrakostnader for mange skogeigarar.

Plantesalet frå Megarden planteskule har auka med over 70 % frå 2013 til 2014 (ca. 810 000 planter). Dette skuldast dels gjenplanting etter frosttørke, men og aukande planteareal grunna auka hogst dei siste åra. Mest blei det planta i Surnadal og Tingvoll kommunar. Auken i planteaktiviteten har resultert i mindre aktivitet på anna skogkulturarbeid grunna for lite tilskotsmidlar.

**Kontaktperson: Fylkesskogmeister Odd Løset 71 25 82 12. [odd.loset@fylkesmannen.no](mailto:odd.loset@fylkesmannen.no)**

## SKOGSVEG: Skogens blodårer



*Skogsveg i Skodje. Foto: Arnold Hoddevik*

**Stormen Dagmar skapte eit fokus og synleggjorde dei største utfordringane vi har her i fylket, med bratt terreng og svak infrastruktur frå skogen og heilt ut til kjøpar/kai.**

2014 kan vel seiast å vere det siste året med opprydding etter stormen Dagmar. Med nye planar og betre oversikt vert det arbeid langiktig for å betre på dette. Det er eit langt lerret å bleike der stat, kommune, omsetningsledd og skogeigar må dra same vegen. Trass i utfordringane er Møre og Romsdal eit skogfylke med aukande aktivitet på dei fleste felt. I 2014 kjem tømmeromsetjinga til å passere 200 000 m<sup>3</sup> for fyrste gong. Fordi mykje av tømmeret vert skipa med båt til Trøndelag eller til eksport ut av landet, er det positivt med utbetningsprosjekt av kaier i fleire delar av fylket. Skal ein kunne hauste av den investeringa som plantinga på 50- til 70-talet var, må ein sikre kanalane for tømmer dit marknaden er, uavhengig av kommune-, fylke- eller landegrense. I Møre og Romsdal er det like viktig med veg for tømmervogntog ut frå

skogen, som at den same bilen kan kjøre med fullt lass på kommunal-, fylkes-, og riksveg fram til

kjøpar. Slik er det ikkje i dag. Og her er det viktig med påtrykk frå alle aktørar for å betre forholda. Ofte er det lite som skal til for å løyse ein flaskehals på ein viktig veg.

Det er i 2014 løyvd i underkant av 3,7 millionar kr til bygging av 13 km skogsveg fordelt på 33 anlegg. Om lag 20 km skogsveg er bygd ferdig dette året - 11,2 km skogbilveg og 8,6 km traktorveg. God aktivitet på vedlikehald og nybygg av veg for uttransport er heilt naudsynt om ein skal vere rusta for dei store voluma som vil kome i 2020 til 2030. Med store investeringar lagt i veg er det viktig å ha tilsyn og godt vedlikehald av desse vegane . Endra klima med meir ekstremt ver krev auka tilsyn. Kapasitet for – og fritt leide for vatn er ein hovudregel, men og ein føresetnad om skal vegen tåle utfordringane gjennom året.

**Kontaktperson: Fylkesskogmeister Åsmund Asper 71 25 82 09, [asmund.asper@fylkesmannen.no](mailto:asmund.asper@fylkesmannen.no)**

## SMÅNYTT FRÅ SKOGEN: Skogring, kaianlegg og skuleskogdagar

Det er gjennomført ei ordning med ein «skogring» i fylket. Den famna åtte «nye» skogeigarar frå Molde og kringliggjande kommunar. Ringen blei leia av Arne Kvendseth som er instruktør i Aktivt skogbruk instruktør, og har som mål å bidra til auka kompetanse om skog og skogbruk.

Kaia på Malo i Molde fekk i vår støtte(4,72 mill.kr) til oppgradering av kaianlegget. Malo er ei viktig tømmerkai i fylket. Kaia er ei av fem tømmerkaier i Noreg som blei prioritert i høve til statlege tilskotsmidlar. Håjem i Skodje fekk tilsvarende midlar i 2012 og er no ferdigstilt.

Det er arrangert 10 skuleskogdagar i regi av Skogselskapet i Møre og Romsdal i 2014. Ein skuleskogdag føregår ute i skogen og har stor variasjon i innhald omkring skog og natur. Dette er eit populært tilbod til grunnskulane, og mange skular meldte si interesse. Dei som ikkje fekk tilbod i år, vil bli førespurt i 2015.

**Kontaktperson: Fylkesskogmeister Odd Løset 71 25 82 12, [odd.loset@fylkesmannen.no](mailto:odd.loset@fylkesmannen.no)**

## UNGE BØNDER: Sterkt fokus på rekruttering

Tjue prosent av bøndene i fylket er over 62 år. Gjennomsnittsalderen er 52 år – og den stig med eitt år pr. femte kalenderår.

For å nå målsettinga om 20 prosent auka landbruksproduksjon i den neste 20-årsperioden, er det avgjerande å ha eit sterkt fokus på



*Gjennomsnittsalderen i landbruket er 52 år.*

rekruttering.


Avgangen frå landbruket skjer særleg i samband med generasjonsskifte. Ein stor del av dei beste gardsbruka vi har, investerte sterkt på sytti- og åttitalet. Brukarane nærmar seg no slutten av yrkeslivet, og det ligg an til mange eigarskifte i løpet av dei næraste 5 – 10 åra.

På mange av desse bruka er forholda rundt generasjonsskifte og drift høgst usikkert. Den neste generasjonen er typisk midt i sine karrierar, ofte fjernt frå landbruket. Ungdom som veks opp på gardsbruk i dag har same utdannings- og karrieremoglegheiter som alle andre. Når desse vel andre yrkesløp enn landbruk, får dette direkte konsekvensar for rekrutteringa til landbruket. Det finst mange dyktige og engasjerte unge menneske som vil inn i landbruket og den framtidige bonden er ikkje nødvendigvis oppvaksen på garden eller i lokalmiljøet elles. I dag er det utfordrande for desse å finne vegen inn i landbruket.

Rekruttering til landbruksnæringa, både til landbruksutdanning og bondeyrket, heng nøye saman med omdømmet til landbruksnæringa og vilkåra for dei landbruksbaserte næringane. Dersom lønsemda og velferdsordningane ikkje er gode nok, vil andre kvalitetar ved yrket ofte kome i bakgrunnen.

Dei som startar å drive gard, er gjerne godt vaksne. Tal frå fylkesmannen viser at dei som overtek, er i snitt tett opp mot 40 år gamle. Talet på brukarar i aldersgruppa under 40 år går ned, medan talet på brukarar i gruppa 60 år og over aukar.

Møre og Romsdal bondelag arbeider med eit prosjekt som skal sikre drift på livskraftige landbruksbedrifter. Her blir det arbeid direkte overfor einskildgardsbruk for å få til eit generasjons- eller eigarskifte.



**Kontaktperson: Anne Berit Løset, 71258126, [anne.berit.loset@fylkesmannen.no](mailto:anne.berit.loset@fylkesmannen.no)**



## MILJØPROGRAM: Meir miljøretta bruk av husdyrgjødsel

Bøndene i fylket held fram med å dreie spreiring av husdyrgjødsel i meir miljørett retning.

Dei endelege tala for 2013 viser at det vart spreidd gjødsel tidleg om våren eller rett etter første slåttan på i alt 110.206 dekar. I 2014 auka dette til 151.661 dekar. Tilførselsslantar vart brukt til å spreie husdyrgjødsel på 8.749 dekar i 2013, og 18.131 dekar i 2014.



*Gjødselspreiing med tilførselsslantar i Skodje våren 2014.*

Når gjødsel blir spreidd i det tidsrommet då plantene treng næringa, vert næringsstoffa i gjødsel utnytta langt meir effektivt. Det vert mindre utslepp og mindre avrenning. I sin tur fører det til betre økonomi, sidan det ikkje blir så stort behov for handelsgjødsel.

Når gjødsel blir spreidd med tilførselsslantar, føler endå fleire fordelar. Det gjev dei same fordelene som nemnt ovanfor, og i tillegg vert det mindre lukt, mindre avdrift/utslepp til luft og nesten ingen køyreskader på enga.

Den kraftige auken i omsøkte areal frå 2013 til 2014 er svært positiv, og viser at bøndene i fylket gjerne vil bruke gjødsel på beste måte for miljøet.

**Kontaktperson: Rådgivar Arnold Hoddevik, tlf. 71 25 81 54, [arnold.hoddevik@fylkesmannen.no](mailto:arnold.hoddevik@fylkesmannen.no)**

## INN PÅ TUNET: Stifting av Inn på tunet Møre og Romsdal

Om lag 25 personar frå heile Møre og Romsdal var samla på «Blåtind» i Stordal kommune 28. og 29. mars 2014 for å skape og stifte eit tilbydarnettverk for Inn på tunet bøndene. Stiftingsmøtet var 29.03.2014.



*Nokre av deltakarane på skipingsmøtet*

Føremålet med organisasjonen er å vere eit nettverk som skal ivareta interessene til tilbydarane innan merkevaren «Inn på tunet Møre og Romsdal». Organisasjonen sitt føremål er å bidra til eit kvalitetssikra og innhaldsrikt Inn på tunet tilbod i Møre og Romsdal. Vidare skal organisasjonen vere ein møtearena for tilbydarane, der medlemmene tek opp faglege, sosiale og organisatoriske spørsmål av felles interesse.

«Inn på tunet (IPT) er tilrettelagte og kvalitetssikrede velferdstjenester på gårdsbruk. Tjenestene skal gi mestring, utvikling og trivsel. Aktiviteten i tjenestetilbudet er knyttet opp til gården, livet og arbeidet der.»

Styret i Inn på tunet Møre og Romsdal er sett saman slik:

Solveig Haglund, Surnadal – leiar

Aina Tangen, Midsund

Dag Lianes, Ørskog

Rita Flatvad, Sunndal

Sjå meir om Inn på tunet på: [www.matmerk.no](http://www.matmerk.no)

**Kontaktperson: Rådgivar Aud Lindset Drågen, 71258131, 90865459,  
[aud.lindset.draagen@fylkesmannen.no](mailto:aud.lindset.draagen@fylkesmannen.no)**



## LOKAL MAT: Positiv trend for lokal mat



*Frå venstre: Jan Roger Blø fra Classic Norway, Kristi Pernille Indreiede, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Ruth Marit Pedersen frå Klippfiskakademiet med lokale spesialitetar.*

**Det skjer mykje positivt kring lokalmatsatsinga i Møre og Romsdal. Vi har fleire lokalmatprodusentar som har markert seg nasjonalt, og fleire satsar på å vidareutvikle driften si. Samstundes er det klart at vi treng fleire gode lokalmatprodusentar i fylket, for å møte den positive trenden som avteiknar seg.**

Lokalmat, med stadeigen smak og opprinnelse, vert stadig viktigare for forbrukarane. Ikkje minst ser vi det på omsetning i butikk. I 2013 omsette daglegvarehandelen lokalmat for 3 milliardar. Det var ein auke på 8,4 prosent frå året før. Lokalmat hadde meir enn dobbelt så stor omsetningsvekst som anna mat og drikke, som auka 3,6 prosent. Dette viser ei undersøking av Nielsen Scantrack. Nordmenn er også i stadig større grad villige til å betale meir for lokalmat. Andelen som sier seg heilt enige i at dei er villig til å betale meir for norsk lokalmat har auka jamnt dei siste åra - frå 56 prosent i 2009 til 67 prosent i 2013 (Spisefakta, Ipsos MMI 2014).

Fylkesmannen skal i sitt arbeid legge til rette for auka matmangfald og styrka lokal verdiskaping. Vi har mange gode samarbeidspartnarar i arbeidet for ei styrka satsing på lokal mat. Vi kan nemne det regionale partnerskapet med Fylkeskommune, Innovasjon Norge, Hoppid og viktige regionale kompetansemiljø som Matnavet i Mære, Klippfiskakademiet og samarbeid med matfag i vidaregåande skule. I februar vert det arrangert MRmat. Dette er ein av fleire viktige møteplassar for nettverksdanning og ikkje minst fagleg påfyll. Det skjer i form av ei lang rekkje praktiske kurs om produksjon og salg av lokal mat- og drikkespesialitetar. Det er viktig å bygge kompetanse og samarbeid på mange nivå – for dei som skal lykkast i lokalmatbransjen må ha kvalitet i alle ledd og vere offensive i marknaden.

**Kontaktperson: Rådgivar Kristi Pernille Indreiede, tlf 71258144,  
[kirsti.pernille.indreiede@fylkesmannen.no](mailto:kirsti.pernille.indreiede@fylkesmannen.no)**


## JORDVERN: 2015 – Det internasjonale året for vern av matjord

FAO – FNs organisasjon for landbruk og mat markerer i 2015 det internasjonale året for vern av matjord.

Målet er å rette merksemd mot at ei berekraftig forvaltning av matjord og vern om denne verdifulle naturressursen er svært viktig.

Noreg har avgrensa areal for matproduksjon, og det har lenge vore eit politisk mål å verne om god dyrka og dyrkbar jord. Det er eit vedteke mål å avgrense den årlege omdisponeringa av jordbruksjord til under 6000 dekar dyrka jord, jf. Meld. St. 9 (2011-2012) «Landbruks- og matpolitikken – velkommen til bords».


På landsbasis vart det i 2013 omdisponert 5620 dekar dyrka jord og 4016 dyrkbar jord til andre føremål enn landbruk. Målet om å redusere omdisponeringa av dyrka jord til under 6000 dekar er dermed innfridd. Både for dyrka og dyrkbar jord vart det omdisponert mindre i 2013 enn i 2012. Tal for omdisponering av dyrka jord i 2013 ligg 14 prosent lågare enn talla for 2012, og er den lågaste registrerte omdisponeringa av dyrka jord sidan registreringa starta i 1976.



Tabellen viser omdisponert dyrka- og dyrkbar jord etter jordlova og plan- og bygningslova på landsbasis i perioden 2005-2013. Kjelde: SSB

Møre og Romsdal har i 2013 omdisponert totalt 688 dekar dyrka og dyrkbar jord. Dette er ei auking på 302 dekar frå 2012 og ein trend som skil seg frå nedgangen på landsbasis. Samla tal for 2013 viser at åtte fylke omdisponerte meir dyrka og dyrkbar jord til andre føremål etter jordlova og plan- og bygningslova enn vårt fylke.

All nedbygging av dyrka jord er i utgangspunktet problematisk, då dyrkajorda må sjåast på som ein endeleg, ikkje-fornybar ressurs. I Fylkesmannen sin dialog med kommunane vert det lagt vekt på at kommunane tenkjer langsiktig i si arealplanlegging. Dette er viktig for at landbruksnæringa skal ha kjende arealmessige rammer. Det er også viktig at der gode jordressursar brukast til utbygging, krevst det høg utnytting.



Tabellen viser omdisponert dyrka- og dyrkbar jord etter jordlova og plan- og bygningslova i Møre og Romsdal i perioden 2005-2013. Kjelde: SSB

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Gunvor Fossholt Ytterstad, tlf: 71258123, [fmrmrgufy@fylkesmannen.no](mailto:fmrmrgufy@fylkesmannen.no)**

## LOVAR OG REGLAR: Store endringar

Landbruksdepartementet har som mål å gjennomføre endringar i lover og regelverk som kan forenkle landbrukssektoren for utøvarar og forvaltning. Ein del endringar er allereie gjennomførte, medan andre er varsla eller er ute på høyring.

### Odelsova

Den 1. januar 2014 vart odelslova endra, noko som førte til innskrenking i odelskretsen.

### Jordbruksavtalen 2014

Etter jordbruksforhandlingane i 2014, vart desse ordningane avvikla:

- 1 - Tilskot ved tap av epleproduksjon forårsaka av røgnebærmøll

2 - Erstatning ved tap av sau på beite.

Før forhandlingane neste år skal desse ordningane utgreiast med tanke på avvikling:

3 - Reparasjon av vinterskadd eng

4 - Erstatning for tap av innvintra bifolk.

Før jordbruksoppgjeret 2015 skal alle miljøprogramma utgreiast med sikte på betre målretting, forenklingar for miljø, næring og forvaltning, og for å redusere tal støtteordningar. Dette kan få konsekvensar for ordningane:

5 - Produksjonstilskot – areal- og kulturlandskapstilskot

6 - Regionalt miljøprogram

7 - Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap

8 - Investeringsstøtte til tiltak i beiteområde

9 - Klima- og miljøprogrammet – berekraftig jordbruk gjennom god agronomi

10 - Utvalde kulturlandskap

11 - Verdsarvområda

### **Kvotordninga for mjølk**

Produksjonstaket for alle mjølkebruk vert sett til 900 000 liter frå 1. januar 2015, både for samdrifter og enkeltbruk. Særregelverk for samdrifter blir avvikla. Endringa gjeld både ku og geit.

### **Produksjonstilskot**

Ny forskrift for produksjonstilskot skal tre i kraft 1.1.2015. Forskrift om tilskot til avløyasing går inn som del av forskrifta. Nokre hovudpunkt i forslaget til ny forskrift er:

- Oppheve kravet til mva-registrering eller omsetning på minimum kr 20 000 siste år
- Oppheve kravet om tilknytning til landbrukseigedom
- Avvikle særregelverk for samdrifter
- Oppheve felles eigarinteresser som sjølvstendig grunnlag for å kunne avslå tilskot
- Justere/presisere regelverket for driftsfellesskap
- Fjerne kravet til miljøplan, overføre krav til forskrift om produksjonstilskot

### **Avløysartilskot**

- Alle typar føretak må dokumentere utgifter til avløyasing
- Avløysartenester kan kjøpast frå alle typar føretak

### **Tilskot til veterinærreiser**

Forskrift om tilskot til reiser ved veterinærar sine sjuke- og inseminasjonsbesøk skal endrast. Høyringsfristen for framlegget var sett til 10. desember 2014.

### **Andre vedtak og oppsummering av utgreiingar etter årets jordbruksoppgjer**

- Utgreie konsekvensane av større produksjonssoner i kvotordninga for mjølk.
- Evaluere ordningane *tilskot til avløyasing ved sjukdom* og *tilskot til sjukepengar*

### **Konsesjonslova**

Det er sendt på høyring eit forslag om å oppheve konsesjonslova i jordbruket.

Forslaget inneber at det ikkje blir plikt til å søkje konsesjon ved overtaking av fast eigedom og at alle reglar om buplikt ved overtaking av fast eigedom blir oppheva. Høyringsfristen er sett til 15. januar 2015

**Forslag om endringar i odelslova** – fjerne reglane om buplikt i odelslova – høyringsfrist 15. januar 2015

**Konsesjonsgrensene for produksjon av slaktekylling og kalkun** vart heva den 12.12.2014

Slaktekylling: Frå 140 000 til 280 000 omsette og slakta kyllingar pr år

Kalkun: Frå 30 000 til 60 000 omsette og slakta kyllingar pr år

**Kontaktperson: Anne Berit Løset, 71258126, [anne.berit.loset@fylkesmannen.no](mailto:anne.berit.loset@fylkesmannen.no)**

#### **Prioriteringar landbruk 2015**

- Fylkesmannen skal legge til rette for større produksjon av mat og større mangfald i landbruksnæringa.
- Volumet av hogstmoden skog er stort, og situasjonen krev innsats både på infrastruktur og organisering.
- Fylkesmannen legg stor vekt på samarbeidet med kommunane, og det blir jobba kontinuerleg for å halde oppe ei heilskapleg, effektiv og påliteleg landbruksforvaltning.
- Halde oppe fokuset på jordvernet!



# Oppvekst- og utdanningsavdelinga



**Leiar: Utdanningsdirektør Alv Walgermo, tlf. 71258815, 45225967 (mob)**

[alv.walgermo@fylkesmannen.no](mailto:alv.walgermo@fylkesmannen.no)

Fylkesmannen skal bidra til at det blir heilheit og samanheng i tiltaka retta mot barn og unge slik at dei får sine rettar oppfylt og at dei får ei god opplæring og eit godt oppvekstmiljø i barnehagar og grunnopplæringa i fylket vårt. Dette gjeld også vaksenopplæringa.

Alle barn og unge skal inkluderast og oppleve meistring i barnehage og skole. For å auke gjennomføringa i vidaregåande skole skal tidleg innsats, inkludering og tilpassa opplæring ligge til grunn for all verksemd i barnehage og grunnopplæring. Dei ulike tiltaka vi vil prioritere, vil ha dette som utgangspunkt.



*Fylkesmannen har fokus på oppvekstmiljø.*

Mange barn og unge opplever å bli mobba og utsett for krenkande åtfærd i skulane i vårt fylke. Ein del skular har høge mobbbetal over fleire år. Det er uakseptabelt at barn og unge blir utsette for mobbing og krenkande atferd. Det viser seg at gjennom grundig og systematisk arbeid kan t.d. skular gjennomgå ein snuoperasjon og få eit godt læringsmiljø. Fylkesmannen ønsker gjennom ulike tiltak å støtte kommunar som ser behovet for å styrke innsatsen i arbeidet med det psykososiale miljøet.

Kommunane har omfattande oppgåve som krev god kompetanse og kapasitet på kommunenivå både når det gjeld barnehage - og skulesektoren. Kommunen som barnehagemyndigheit stiller store krav til fagpersonar med både juridisk, økonomisk og pedagogisk kompetanse. Den skulefaglege kompetansen og kapasitet på kommunenivå har stor betydning for korleis kvaliteten på skulane blir sikra og vidareutvikla. Vi ser i vårt arbeid at det kan vere ei lønsam investering å ha fagpersonar med solid kompetanse på kommunenivå som har god oversikt over feltet for å kunne prioritere og ta dei rette vala. Vaksenopplæringsfeltet har vorte utvida og fleire oppgåver blir lagt til kommunen. Aukande innvandring gjer at behovet for skolering er stort på dette området også.

Fylkesmannen er opptatt av å kunne støtte kommunane gjennom t.d. rettleiing, tilsyn og utviklingsprosjekt slik at kommunane kan ivareta sine oppgåver på best muleg måte.

## BARNEHAGE: Fleire fagarbeidarar

Fleire assistentar utdannar seg til fagarbeidarar. Tilsette med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget har ein verdfull kompetanse for arbeid i barnehage. Dette er ei viktig utvikling som hevar kompetansenivået og dermed kvaliteten på barnehagetilbodet.

*Fylkesmannen ser det som gledeleg å registrere at barnehageeigarar legg til rette for at assistentar kan ta fagbrev, for dette hevar kvaliteten på tilbodet til dei yngste barna.*

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Maren Ørjasæter Aaland, tlf. 71258455, [maren.orjasater.aaland@fylkesmannen.no](mailto:maren.orjasater.aaland@fylkesmannen.no)**



*God barnehage krev kompetente vaksne.*

## REKRUTTERING: Barnehagelærer – ein utfordrande jobb

Det er framleis stort behov for å rekruttere fleire barnehagelærarar til utdanning og yrke. Vårt fylke har framleis for mange pedagogiske leiarar på dispensasjon frå utdanningskravet. Å jobbe i barnehage er både utfordrande og meningsfullt. Ein skal leie både barnegrupper og personalgrupper. I leik og læring i barnehagen legg ein til rette for den gode barndom, der barna sjølve er aktive i eigne utviklingsprosessar.

Dispensasjon tilsette i barnehagane i Møre og Romsdal						
År	2013	2012	2011	2010	2009	2008
<i>Andel styrarar og pedagogiske leiarar med midlertidig dispensasjon</i>	15,8 %	17 %	15,9 %	15,9 %	17 %	13,7 %
<i>Antal styrarar og pedagogiske leiarar med midlertidig dispensasjon</i>	258	269	236	228	239	183

**Kontaktperson:** Seniorrådgivar Maren Ørjasæter Aaland, tlf. 71258455,  
[maren.orjasater.aaland@fylkesmannen.no](mailto:maren.orjasater.aaland@fylkesmannen.no)

## MOBBING: Førebyggjande arbeid startar i barnehagen

**Barna sin trivsel er vaksne sitt ansvar. Målet er eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø som hindrar at uheldige mønster utviklar eller festar seg over tid.**

Ein barnehage som arbeider for eit godt psykososialt miljø, arbeider samtidig førebyggjande mot diskriminering og mobbing.

Å arbeide med å utvikle sosial kompetanse og relasjonskompetanse er noko barnehagane er gode på. Fleire barnehagar i Møre og Romsdal har pågåande utviklingsarbeid som fremmar vennskap. Fylkesmannen ser at denne *tidlege innsatsen er avgjerande for å motverke mobbing og krenkande åtferd seinare.*

**Kontaktpersonar:** Seniorrådgivar Maren Ørjasæter Aaland, tlf. 71258455,  
[maren.orjasater.aaland@fylkesmannen.no](mailto:maren.orjasater.aaland@fylkesmannen.no)

## KLAGAR: Færre klagar på tilskot til ikkje-kommunale barnehagar

**Kommunane har sidan 2011 hatt fullt finansieringsansvar for ikkje-kommunale barnehagar. Usemje om utrekning av tilskotet førte til ein sterk auke klagesaker i høve til tidlegare, då staten hadde hovudansvaret for finansieringa.**

Fylkesmannen fekk óg fleire spørsmål om regelverket. Klagesakene er ofte ulike, og det er difor vanskeleg å samanlikne tal frå år til år. Registrerte klagesaker hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser likevel ein nedgang frå 12 i 2011 til 9 i 2013 og vidare til 6 i 2014. Fylkesmannen nyttar óg mindre tid enn tidlegare til rettleiing om regelverket.

Fylkesmannen går ut frå at betre kjennskap til regelverket og avklaringar av ulike problemstillingar er hovudårsaker til nedgangen. Det er óg grunn til å tru at kommunane utarbeider betre og meir oversiktleg dokumentasjon enn tidlegare, slik at tilskotsmottakarane har betre grunnlag for å kontrollere om tilskotet er rekna ut i samsvar med regelverket. Fleire av klagane som har kome til Fylkesmannen, har hatt som årsak at dei ikkje-kommunale barnehagane ikkje har forstått utrekninga av tilskotet.

Kommunane er pliktige til å gi eit tilskot per barn i ikkje-kommunale barnehagar som tilsvarer 98 % av det dei nyttar per barn i kommunale barnehagar (dette vil seinare bli auka til 100 %). Til og med 2014 har grunnlaget for utrekning av satsane vore kommunebudsjettet i tilskotsåret. Ved budsjettendringar og rekneskapsavslutning måtte kommunane justere satsane og fatte nye vedtak. For kvart nytt vedtak hadde dei ikkje-kommunale barnehagane klagerett. Frå og med tilskotsåret 2015 skal kommunane berre rekne ut tilskotet ein gong. Grunnlaget vil då vere to år gamal prisjustert kommunerekneskap. Det er grunn til å rekne med at denne regelendringa vil føre til ytterlegare nedgang i talet på klagar.

**Kontaktpersonar: Rådgivar Dagfinn Sørum, tlf. 71258094 - [fmmrdaso@fylkesmannen.no](mailto:fmmrdaso@fylkesmannen.no)**

## **MEDVERKNAD: Barnehage og skule skal fremme demokrati**

Grunnlovsjubileet og markering av Barnekonvensjonen sine 25 år i Norge i 2014, har skapt auka medvit om barn sin medverknad og deltaking i demokratiske prosessar.

**Barnehage og skule skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. Auka kunnskap og medvit om dette, er noko vi bygger vidare på i 2015.**

I barnehage og skule, gjennom demokratiske prosessar, er barn og unge medskaparar av demokratiet kvar einaste dag.

**Kontaktpersonar: Seniorrådgivar Maren Ørjasæter Aaland, tlf. 71258455, [maren.orjasater.aaland@fylkesmannen.no](mailto:maren.orjasater.aaland@fylkesmannen.no)**

## **PP-TENESTA: Strategi for etter- og vidareutdanning 2013-2018**

Formålet med strategien er å styrkje kompetansen til dei tilsette, og bidra til auka fokus på systemretta arbeid i PPT. Statens bidrag har og som mål å motivere kommunar og fylkeskommunar til å la sine tilsette delta i kompetanseheving av PP-tenesta. I 2013 starta strategien med etterutdanningstilbod for PPT tilsette, medan det for studieåret 2014/15 starta vidareutdanning for tilsette og leiarar med studiar som gjev studiepoeng på masternivå. Prioriterte område er:

- Organisasjonsutvikling/endringsarbeid
- Læringsmiljø og gruppeleiing
- Rettleiing og rådgiving,
- Leiarutdanning

**Kontaktperson: Rådgivar Jorunn Øen Nesje, tlf. 71258924, [jorunn.oen.nesje@fylkesmannen.no](mailto:jorunn.oen.nesje@fylkesmannen.no)**



## TILSYN: Tilsyn på elevane sitt utbytte av opplæringa blir godt mottatt på skulane

Ny praksis med rettleiing i framkant av tilsyn viser seg effektivt. Erfaringane så langt viser at det er størst utfordringar med å få til heilskaplege tilbod til elevar med særlege behov.



*Betne tilsyn skal gi betne læringsutbytte for elevane.*

Den nye tilsynsmetodikken for oppvekstsektoren, som blei tatt i bruk frå nyttår 2014, inneheld eit strukturert opplegg for rettleiing og kompetanseutvikling om kva regelverket for sektoren betyr for praksis, kva som er rett tolking. Tilsynet går rett inn i den daglege undervisninga, og skal bidra til at alle elevane skal få eit godt utbytte av opplæringa.

Det blir m.a. undersøkt om lærarane underviser etter sentralt fastsette læreplanar og om spesialundervisninga er godt samordna med den ordinære opplæringa. Vidare sjekkar ein om lærarane gir elevane tilbakenmeldingar undervegs som gir motivasjon og støttar vidare læring.

Erfaringane så langt tyder på at skulane, på grunnlag av den rettleiinga og skuleringa som er gitt, startar forbetningsarbeidet før det er kjent om og når dei eventuelt får tilsyn. Praksisen er ofte justert i forhold til krava i regelverket når dei får tilsynsbesøk, og dette gir færre avvik med behov for å gje pålegg om endring.

For mange elevar er spesialundervisninga dei får for dårleg samordna med den ordinære undervisninga der dei følgjer klassen sitt opplegg. Dette kan gjere at det samla skuletilbodet gir for dårleg læringsutbytte.



Tospråklege elevar har rett til særskilt språkopplæring inntil dei har tilstrekkelege norskkunnskapar til å få utbytte av ordinær undervisning. Tilbodet til denne elevgruppa har gått jamt nedover sidan midlane til slik opplæring ikkje lenger er øyremerka overføringar frå staten. Tilsynet har så langt avdekt manglar ved ei opplæring som er viktig for at denne elevgruppa tidleg får godt læringsutbytte.

*Fylkesmannen legg vekt på at krava som blir stilt ikkje skal føre til unødvendig byråkrati med rapportering og papirarbeid, men at rutinar og rett praksis må vere på plass der dette er nødvendig for å sikre elevrettane til god opplæring og som gir mulegheiter for trivsel, mestring og læring.*

Skulane som til no har hatt tilsyn etter ny metode, melder om at dette gir god hjelp i vidare utvikling av praksis til beste for elevane si læring.

I løpet av perioden 2014-2017 vil ca 60% av kommunane få tilsyn, og med ringverknadane også til skular som ikkje får tilsyn, meiner vi dette vil gje eit positivt bidrag til at elevane får oppfylt retten til god læring.

**Kontaktpersonar:** Ass. direktør Jørn Thomassen, tlf. 7258064, [jorn.thomassen@fylkesmannen.no](mailto:jorn.thomassen@fylkesmannen.no)

## **SPESIALPED: Spesialpedagogisk hjelp i barnehagen**

**Mange fleire klager på spesialpedagogisk hjelp i barnehagen enn på spesialundervisning i skulen.**

Det blir klaga på over 5 % av vedtaka om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen. Til samanlikning blir det klaga på under 0,8 % av vedtaka om spesialundervisning i skulen. Det er store variasjonar mellom kommunar både når det gjeld andel barn som får spesialpedagogisk hjelp og antal timar pr. barn. Variasjonane mellom kommunane og erfaringar frå Fylkesmannen si klagebehandling tyder på at regelverket blir tolka ulikt. At hjelp til barn med særlege behov er heimla i både barnehagelov og opplæringslov, medverkar til ulik praksis. Fylkesmannen meiner et tettare samarbeid mellom PPT og kommunane er nødvendig. God og riktig hjelp til barn i førskolealder dannar grunnlag for at barna lykkast i sin vidare skulegang.

**Kontaktperson:** Rådgivar Silje Veronika Reinaas, tlf 71258823, [fmmrsiri@fylkesmannen.no](mailto:fmmrsiri@fylkesmannen.no)

## LÆRINGSMILJØ: Mange elevar opplever mobbing og krenkande åtferd på skulane i fylket

Mange barn og elevar opplever å bli mobba og utsett for krenkande åtferd i skulane i vårt fylke. Ein del skular har høge mobbbetal over fleire år.



*Ein del skular i Møre og Romsdal har høge mobbbetal.*

Årsaka til dette er samansett, men både haldningar til mobbing og krenkingar, måten vi arbeider med mobbing på, manglande oppfølging og kvalitetssikring av barnehagar/skular frå eigarane, er sannsynlege årsaker.

I opplæringslova er det slått fast at elevane skal sikrast eit godt læringsmiljø gjennom at skulen skal arbeide med trivsel og det psykososiale arbeidsmiljøet. Rettane til elevane er sterke, men vi ser at foreldra har mangelfull informasjon om sine rettar. Får skulen klage på mobbing, skal skulen sette i gang undersøkingar og eventuelt sette inn tiltak viss det blir avdekt mobbing. Dette skal dei gjere gjennom å skrive eit enkeltvedtak.

Vi ser gjennom tilsyn at det blir fatta få enkeltvedtak og at ein del skular har utfordringar med å trekke inn elevar og foreldre i dette viktige arbeidet til tross for at Skulemiljøutval er lovfesta organ. Det er uakseptabelt at barn og unge blir utsette for mobbing og krenkande åtferd. Det viser seg at gjennom grundig og systematisk arbeid kan t.d. skular gjennomgå ein snuoperasjon og få eit godt læringsmiljø.

Fylkesmannen ønsker gjennom ulike tiltak å støtte kommunar som ser behovet for å styrke innsatsen i arbeidet med det psykososiale miljøet.

**Kontaktperson: Rådgivar Kristin Øksenvåg tlf. 71258820, [fmmrkrok@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkrok@fylkesmannen.no)**

## UNGDOMSKULE: Ungdomstrinnet på rett veg!

Undersøkingar viser at norske ungdomsskuleelevar i stor grad trivst på skulen og har gode relasjonar til lærarane sine. For mange elevar er skuledagen viktig, både fagleg og sosialt, og dei legg ned ein stor innsats i skulearbeidet. Vi veit samstundes at motivasjonen i grunnskulen fell med alderen og er lavast på 10. trinn. Nokon mister lysta til å lære - dei kjeder seg og ser ikkje nytta av det dei skal lære. Målet med å fornye ungdomstrinnet er å gjere opplæringa mindre teoretisk og meir motiverande og variert, slik at elevane får større utbytte av skulen og opplever den relevant og nyttig.



Myndighetene har utarbeida ein strategi for utvikling av ungdomstrinnet. Frå og med hausten 2013 til 2017 skal alle ungdomsskulane i landet få tilbod om å delta i skulebasert kompetanseutvikling. Det blir ein utviklingsprosess som skal gå føre seg på den enkelte skule, med utgangspunkt i val av ulike satsingsområde som klasseleiing, lesing, skriving og rekning. Det som er eineståande med denne satsinga er at den involverer både skuleeigarar, skuleleiarar og alle lærarane. I tillegg er universitets- og høgskulesektoren, samt dei nasjonale læringssentra, sentrale i støtteapparatet rundt skulane. I løpet av 2015 vil 26 av fylkets 36 kommunar enten vere ferdig eller i

gang med prosjektet. Det er tilsett fire utviklingsretteljarar, ein i kvar region, som skal støtte skuleeigar med arbeidet. Høgskulen i Volda er hovudtilbydaren i vårt fylke og har laga ein god strategi for eit utviklingsprogram med planlegging, oppstart, gjennomføring og oppfølging. Fylkesmannen har store forventningar til denne satsinga.

### **Valfag – økt fleksibilitet**

Innføring av valfag er også ein del av utviklinga og fornyinga av ungdomstrinnet. Auka valfridom kan skape betre motivasjon hos elevane og gi økt lyst til læring. Valfaga har blitt innført gradvis sidan hausten 2012. Frå skuleåret 2014/2015 blir det valfag for heile ungdomstrinnet.

### **Arbeidslivsfaget – ein suksess!**

Forsøk med arbeidslivsfag i ungdomsskolen (ALF) har vore særskilt vellukka. Dette har medført at alle skular frå hausten 2015 kan gi elevane tilbod om faget, då i staden for 2. framandspråk eller engelsk/norsk fordjuping.

Forsking seier at ein av suksessfaktorane er at faget representerer ein alternativ læringsarena i skulen som gir meistring til fleire. ALF skal ha ei praktisk tilnærming der ein vel emne frå yrkesfaglege program frå vidaregåande skole tilpassa ungdomstrinnet. Elevane skal bli kjent med praktiske yrke og dei skal lage produkt og yte tenester.

**Kontaktpersonar:** Rådgivar Jorunn Øen Nesje, tlf. 71258924, [jorunn.oen.nesje@fylkesmannen.no](mailto:jorunn.oen.nesje@fylkesmannen.no)  
Rådgivar Kristin Øksenvåg tlf. 7125 [fmmrkrok@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkrok@fylkesmannen.no)

## KOMPETANSE: Suksess for strategien

**Strategien «Kompetanse for kvalitet» har hatt ei formidabel auke i deltaking i 2014.**

Frå starten i 2009 – med 63 godkjende lærarar i Møre og Romsdal og 81 lærarar i 2013 - til heile 225 godkjende lærer i 2014. Grunna stor oversøknad over heile landet, har Utdanningsdirektoratet (Udir) diverre måtte avvise fleire godkjende søknader frå skuleeigarane. – i alt 704 lærarar over heile landet, derav 34 i M&R.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk ei førebels ramme frå Utdanningsdirektoratet (Udir) på til saman 13,8 mill kr for tildeling av midlar til vidareutdanning for lærarar i Møre og Romsdal hausten 2014.

Samla søknadssum frå skuleeigarane i Møre og Romsdal hausten 2014 er på 20,9 mill kr ; dvs. 7 mill kr meir enn den førebelse tildelte ramma. I alt 229 lærarar er godkjende av skuleeigarane i fylket – mot 81 i fjor. Det er ei gledeleg auke av både skuleeigarar og lærarar, men på grunn av den store søkjarmassen i år over heile landet, var det diverre ikkje nok midlar og studieplassar til at alle godkjende lærarar fekk starte med vidareutdanning hausten 2014. Lærarar som har søkt matematikk og naturfag er likevel prioritert.

- Vikar- og stipendordninga med ein auke på 123% frå 2013.
- Framleis stor satsing på matematikk og naturfag.
- Eigen satsing for tilsette i PPT i strategien for kompetanseutvikling

Studieår	Kommunar	F.kommune	Privatskolar	Godkjende lærarar	Lærarar på vikarordning	Lærarar på stipendordning
2011/12	15	1	2	57		
2012/13	22	1	4	74		
2013/14	22	1	5	81		
2014/15	32	1	4	181	139	42

I den første 3-årige strategiperioden var finansieringsordninga 40:40:20, der stat og skuleeigar betalte like mykje kvar, og den enkelte lærar 20 %. Frå 2012 vart ordninga endra til 50:25:25, der staten tok ein høgare del av utgiftene. Dette førte til deltaking av litt fleire lærarar, men ikkje nok.

Frå 2014 vart ordninga endra til 75:25 for matematikk og naturfag og til 60:40 for andre fag. I tillegg kunne lærarane velje mellom vikarordning og stipendordning med tildeling av stipend på kr 100 000,- for 30 studiepoeng. 139 av lærarane som kom med i ordninga valte vikarordninga, mens 42 lærarar valde stipendordning. 86 lærarar tar vidareutdanning innanfor dei prioriterte faga matematikk eller naturfag hausten 2014. 16 av desse har vald stipendordninga, medan 70 har vald finansieringsordninga 75:25.

**Kontaktperson: Rådgivar Reidun Nedrebø, tlf. 71258133, [reidun.nedrebo@fylkesmannen.no](mailto:reidun.nedrebo@fylkesmannen.no)**



## MATTE-MOOC: Utprøving av vidareutdanningsmodell

**MatematikkMOOC er ei nasjonal utprøving av ein nettbasert vidareutdanningsmodell som skal danne grunnlag for andre vidareutdanningstilbod og skal gjennomførast frå hausten 2015.**

Den overordna målsettinga for prosjektet er utvikling og utprøving av eit system og ein modell for storskala etter- og vidareutdanning (EVU) av lærarar i grunnopplæringa. Ambisjonen er at modellen skal kunne brukast på andre fag og trinn. MOOC-tilbodet skal føre til betre nytte for elevane si læring, og innehalde ein didaktisk bredde for å sette lærarar i stand til å nå både svake til sterke elevar.

Vidareutdanningstilbodet vektlegg fleksibilitet i arbeidsformer og vurderingsmåtar slik at studiet kan kombinerast med jobb.

Målgruppa er lærarar på 1.-7- trinn, men med hovudfokus på 5.-7. trinn. For å stimulere til felles kompetanseutvikling i matematikk og endring av praksis på den enkelte skule, blir skuleeigarar og skoler oppmoda til å delta med fleire enn ein lærar.

**Kontaktperson: Rådgivar Reidun Nedrebø, tlf. 71258133, [reidun.nedrebo@fylkesmannen.no](mailto:reidun.nedrebo@fylkesmannen.no)**



*Ny satsing gir resultat.*

### SATSING: Vurdering for læring er ein suksess

**I perioden 2012 – 2015 er skular i 25 kommunar og tre private skular i Møre og Romsdal i gang med Utdanningsdirektoratet si satsing Vurdering for læring.**

Satsinga er no vidareført, og går puljevis fram til 2018.

Fylkesmannen har som mål at alle kommunane i Møre og Romsdal skal få høve til å delta.

Forskning viser at vurdering har stor påverknad på korleis elevar lærer. Satsinga *Vurdering for læring* byggjer på fire forskriftsfesta prinsipp for god undervegsvurdering. Eit av prinsippa er at elevane skal kjenne til måla for opplæringa, - dei må vite kva dei vert vurdert etter. Dette vil seie at dei må ha tydelege mål og kriterier. Eit anna sentralt prinsipp i satsinga er fokuset på at lærarane skal gje tilbakemeldingar til elevane som dei kan lære av, og som kan hjelpe dei vidare i si læring. Fokuset i lærarane sitt vurderingsarbeid er med det flytta frå resultat på prøver og karakterar, og over til eit læringsperspektiv som også er med å danne grunnlag for at opplæringa betre kan tilpassast den einskilde elev. Det siste forskingsbaserte prinsippet i satsinga er at elevane skal vere involvert i vurderingsarbeidet, blant anna ved å få vere med å vurdere eige arbeid.



I alt deltok 21 av dei 36 kommunane i fylket i pulje 4 (2012- 2014) av satsinga. Av desse deltok ti av kommunane under paraplyen til *Sunnmøre regionråd*. Dette gjeld kommunane Norddal, Stordal, Sykkylven, Stranda, Ørskog, Haram, Skodje, Sula, Giske og Sandøy med til saman 22 skular. På Nordmøre danna kommunane Sunndal, Averøy, Tingvoll, Kristiansund og Surnadal eit interkommunalt samarbeid i *Vurdering for læring - Nordmøre*. Totalt 18 skular deltok. Av andre kommunar i fylket deltok kommunane Molde, Midsund, Ørsta, Ålesund, Fræna og Herøy. Det er også tre private skular som har deltatt: Molde Friskole, Bjørkedal Nærskule og Åmås Friskule. Tilbakemeldingane frå deltakarane i pulje 4 viser at vurderingskulturen og vurderingspraksisen på skulane har endra seg gjennom satsinga. Dette viser seg mellom anna gjennom færre klager på standpunkt, auka tilpassing av opplæringa, redusert bruk av spesialundervisning, kollegarettleing mellom lærarar, større elevinvolvering, auka fokus på læringsmiljø og relasjonen lærar – elev.

I pulje 5 valte Fylkesmannen å vidareføre satsinga i dei to store regionsamarbeida som deltok i pulje 4. I tillegg kom fire nye kommunar med i den felles satsinga på Nordmøre. Dette er kommunane Halså, Aure, Smøla og Rindal. Kommunane som ikkje enno har vore med, får høve til å delta i pulje 6 (2015), pulje 7 (2016), pulje 8 (2017)

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Annhild Lorentzen, tlf. 71258826,**  
[annhild.lorentzen@fylkesmannen.no](mailto:annhild.lorentzen@fylkesmannen.no)

## GRUNNSKULE FOR VAKSNE: Rettar og plikter

Opplæringslova § 4A-1 slår fast at dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring så langt dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 (ungdomsretten).

Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring for vaksne. Vaksne som har rett til grunnskuleopplæring, har rett til tilpassa opplæring og til realkompetansevurdering. Retten til å bli realkompetansevurdert kom inn i forskrifta i 2013, og hausten 2014 har Utdanningsdirektoratet utarbeidd nasjonale retningslinjer for realkompetansevurdering av vaksne i grunnskuleopplæringa.

Kommunane har etter § 4A-4 plikt til å sørge for grunnskuleopplæring for vaksne, samt plikt til å realkompetansevurdere søkjarar med rett til grunnskuleopplæring dersom den vaksne ønskjer det. Kommunane har ansvaret for at krava i opplæringslova m/forskrifter blir følgt opp, ha eit forsvarleg system og utarbeide ein årleg tilstandsrapport for skuleverket, der også vaksneopplæringa er med.

Både vedtak om grunnskuleopplæring av vaksne og dokumentasjon av realkompetansevurdering er enkeltvedtak der Fylkesmannen er endeleg klageinstans.

**Kontaktpersonar: Seniorrådgivar Liv Marie Opstad, tlf. 71258822,**  
[liv.marie.opstad@fylkesmannen.no](mailto:liv.marie.opstad@fylkesmannen.no) og rådgivar Reidun Nedrebø, tlf. 71258133,  
[reidun.nedrebo@fylkesmannen.no](mailto:reidun.nedrebo@fylkesmannen.no)

## TILSYN: Skal styrke nykomne flyktingar

Formålet med tilsynet er å styrke nykomne innvandrarakar sitt høve til deltaking i yrkes- og samfunnsliv, samt deira økonomiske sjølvstende. Hovudformålet er å få deltakarane i introduksjonsprogrammet raskast mogleg ut i ordinært arbeidsliv eller utdanning.

Sidan starten hausten 2013 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal hatt tilsyn med fire kommunar: Sunndal, Haram, Sykkylven og Tingvoll. Alle stettar kravet om eit heilårig program. Ikkje alle stetta kravet om eit fulltids program i utgangspunktet, men klarte å få dette i orden innan den endelege tilsynsrapporten vart sendt ut. To nye kommunar vil få tilsyn i 2015.

**Seniorrådgivar Liv Marie Opstad, tlf. 71258822, [liv.marie.opstad@fylkesmannen.no](mailto:liv.marie.opstad@fylkesmannen.no)**

## INVANDRARAR: Nye, obligatoriske prøver for vaksne

Rundskriv Q-39/2013 omhandlar iverksetting av obligatorisk, avsluttande prøver i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar frå 2014. Prøvene byggjer på "Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar". Prøva i norsk blir gjennomført på slutten av kvart halvår, medan prøva i samfunnskunnskap kan gjennomførast når der høver best for kommunen, likevel snarast mogleg etter gjennomført 50 timer samfunnskunnskap på eit språk deltakaren forstår.

**Seniorrådgivar Liv Marie Opstad, tlf. 71258822, [liv.marie.opstad@fylkesmannen.no](mailto:liv.marie.opstad@fylkesmannen.no) og rådgivar Reidun Nedrebø, tlf. 71258133, [reidun.nedrebo@fylkesmannen.no](mailto:reidun.nedrebo@fylkesmannen.no)**

### Prioriteringar oppvekst- og utdanning 2015

- Styrking av arbeid mot mobbing og krenkande atferd
- Meir kompetanseheving for alle grupper av tilsette i barnehagen
- Rekruttering av barnehagelærarakar og lærarakar i skulen
- Meir praktisk og variert opplæring på ungdomssteget
- Satsing på kompetanseheving for lærarakar – særleg matematikk og naturfag

# Helse- og sosialavdelinga



**Leiar: Fylkeslege/direktør Christian Bjelke tlf. 71 25 86 39 / 901 08 140  
[christian.bjelke@fylkesmannen.no](mailto:christian.bjelke@fylkesmannen.no)**

Avdelinga mottok oppdrag frå fleire departement og direktorat. Gjennom oppdrag frå Statens heletilsyn fører avdelinga tilsyn med helsepersonell og verksemdar både på individ og systemnivå. Spesialisthelsetenesta er ein del av Fylkesmannen i Møre og Romsdals tilsynsansvar saman med fylkesmennene i Trøndelagsfylka. Avdelinga har i 2014 hatt systemtilsyn med kommunar om tvang, med sosiale tenester i Nav, med barneverntenesta og tilsyn med sjukehusa knytt til barne- og ungdomspsykiatrien, sjølv mordførebygging og førebygging av fall i sjukehus.

Fylkesmannen held stort sett fristar for saksbehandlingstid, men har utfordringar når det gjeld vedtak som gjeld tvang i tenester for utviklingshemma. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har delteke i det nasjonale arbeidet med omlegging av førarkortforskrifta for å forenkle saksbehandlinga på dette området.

Fylkesmannen har framleis fokus på samhandlingsreformen. Vi ser det som svært viktig at hovedintensjonane blir vidareført i arbeidet med kommunereforma.

I løpet av 2015 skal det innførast naudnett i Møre og Romsdal og alle kommunane skal ha på plass eit øyeblikkeleg hjelp døgntilbod for helsehjelp.

Regjeringa vil i 2015 legge fram for stortinget tre store meldingar: Ny folkehelsemelding, melding om primærhelsetenester og nasjonal sjukehusplan.

## SMITTEVERN: Ebola og resistensutvikling

**Utvikling av resistens mot antibiotika er eit stort problem, som også gjeld vårt fylke.**

Helsedirektoratet har revidert retningslinene for antibiotikabehandling i primærhelsetenesta og Nasjonal beredskapsplan mot pandemisk influensa.

Det nasjonale overvakingssystemet for antibiotikabruk og helsetenesteassosierte infeksjonar (NOIS) omfattar no også sjukeheimar. Dette er viktige verkøy for mellom anna å sørge for rett antibiotikabruk til pasientane.

Resistensutvikling som betyr at antibiotika ikkje lenger verkar mot bakterielle sjukdomar er eit stort internasjonalt problem. Dette kan sette behandling av infeksjonar mange tiår tilbake. Sjølv om vi i Norge har hatt betre kontroll og mindre resistensutvikling, er dette ei aukande utfordring også i Norge og Møre og Romsdal.

Dette var fokus i smittevernkonferansen som Fylkesmannen arrangerte saman med Helsedirektoratet i 2014. Ebolasituasjonen i Afrika og førebuing av at vi også kan få smitte i Norge, var også eit viktig tema.

**Kontaktperson: Helene Lossius, telefon 71258632, [helene.lossius@fylkesmannen.no](mailto:helene.lossius@fylkesmannen.no)**

## SOSIALE TENESTER: For få bustader

**Mange kommunar har for få bustader til disposisjon for vanskelegstilte.**

Fylkesmannen ser at mange kommunar i Møre og Romsdal har vanskar med å skaffe bustad for utsette grupper. Dette gjeld både midlertidige bustader og varige bustader. Fylkesmannen har i fleire år forvalta tilskotsmidlar til bustadsosialt arbeid i kommunane. Dette temaet har og vore fokus på fleire møter mellom NAV og Fylkesmannen.

Det er no utarbeidd ein ny nasjonal strategi «Bolig for velferd 2014-2020» som heile fem departement stiller seg bak.

Dei nasjonale måla for det boligsosiale arbeidet er:

1. Alle skal ha ein god stad å bu
  - Hjelp fra midlertidig til varig bustad
  - Hjelp til å skaffe egne bustad
2. Alle med behov for tjenester, skal få hjelp til å mestre boforholdet
  - Hindre utkasting frå bustad
  - Gi oppfølging og tenester i heimen
3. Den offentlige innsatsen skal være heilskapelig og effektiv
  - Sikre god styring og målretting av arbeidet
  - Stimulere til nytenkning og sosial innovasjon
  - Planlegge for gode bomiljøer




**Kontaktperson: Seniorrådgivar/fagkoordinator Oddhild Johnsen 71258453, [fmmrodjo@fylkesmannen.no](mailto:fmmrodjo@fylkesmannen.no)**

## SAKSHANDSAMING: Best i klassen på hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal «best i klassen» når det gjeld andel saker som er vurdert innen 5 mnd. 99% av sakene ferdig sakshandsama innan 5 mnd.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har avslutta 178 saker pr. 31.11.14 når det gjeld hendelsesbasert tilsyn i helsesaker. Dette er saker som gjeld forhold som har skjedd i helsetenesta. Det kan til dømes vere uhell som har skjedd på sjukehuset under ein operasjon eller forhold som har blitt avdekka hos fastlege eller i sjukeheimen. I 73 av sakene har Fylkesmannen bedt helsepersonell/verksemda sjølv ta kontakt med klagar for å komme fram til ei minneleg løysing.

Embete	Saker inn og avsluttet i perioden 01.01.2014 - 31.08.2014				Restanseending i perioden		
	Inn	Lokalt avklart	Pliktbrudd vurdert	Andel vurdert innen 5 mnd.	Restanser 31.12.2013	Restanser 31.08.2014	Restanse- ending
Østfold	111	7	89	57%	61	76	15
Oslo og Akershus	399	59	221	38%	290	409	119
Hedmark	118	12	88	44%	78	96	18
Oppland	87	13	49	41%	58	83	25
Buskerud	123	3	82	30%	90	128	38
Vestfold	97	1	91	63%	59	64	5
Telemark	77		79	65%	35	33	-2
Aust-Agder	57	6	43	72%	27	35	8
Vest-Agder	98	17	72	82%	43	62	9
Rogaland	149	15	153	29%	191	172	-19
Hordaland	187	30	159	72%	78	76	-2
Sogn og Fjordane	65	7	48	90%	28	38	10
Møre og Romsdal	122	45	81	99%	23	19	-4
Sør-Trøndelag	100	21	75	75%	38	42	4
Nord-Trøndelag	108	9	87	69%	47	59	12
Nordland	97	25	119	34%	107	60	-47
Troms	122	27	60	48%	67	102	35
Finnmark	58	22	32	13%	46	50	4
Landet	2175	319	1628	55%	1366	1594	228



**Kontaktperson:** Ass. fylkeslege Cato Innerdal 71 25 86 36, [fmmrcain@fylkesmannen.no](mailto:fmmrcain@fylkesmannen.no) eller seniorrådgiver/jurist Marit Vestad 71 25 86 37, [fmmrmave@fylkesmannen.no](mailto:fmmrmave@fylkesmannen.no)

## HELSEØSTER: Viktige, men små og sårbare

Helsestasjon og helsesøster i skolen er viktige, men små og sårbare tenester.

I samband med samhandlingsreforma og auka satsing i førebygging, har alle kommunane fått auke i rammetilskotet for å ivareta og styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta. KOSTRA-tal om årsverk i alt til førebygging, helsestasjon- og skulehelsetenesta og årsverk helsesøster, viser at om lag 80 % av kommunane har styrka tilbodet eller halde tilbodet uendra. I vår kontakt med fagpersonar i kommunane, kjem det fram at helsestasjon- og skoletenesta er sårbar ved økonomiske nedskjeringar.

Skulehelsetenesta har ofte små ressursar og sjølv om det individretta arbeidet blir prioritert, får Fylkesmannen bekymringsmeldingar og klager på tilbodet.

### Frisklivssentralen – eit godt tilbod for endring av levevaner og betre helse

Frisklivssentalar skal gi tilbod til personar med behov for å endre levevanar. Det er etablert frisklivssentral i 14 kommunar. Det er kommunane: Surnadal, Volda, Giske, Molde, Rindal, Skodje, Ulstein, Rauma, Eide, Fræna, Kristiansund, Sunndal, Vestnes og Norddal.



Frisklivssentralane har utvikla ulike typar tiltak. Tiltak som gjeld fysisk aktivitet og kosthald er dei viktigaste områda. Nokre kommunar har og starta tilbud for barn og unge og deira foreldre i samarbeid med helsestasjonstenesta i Frisklivssentralen.


**Kontaktperson: Marie Eide telefon 71258644 , [marie.eide@fylkesmannen.no](mailto:marie.eide@fylkesmannen.no)**

## TVANG: Behandling av klager etter lov om psykisk helsevern

**Fylkesmannen har rutinemessig samtale med pasient som klager på vedtak om medikamentbehandling ved tvang.**

Etter lov om psykisk helsevern har Fylkesmannen ansvar for å behandle klager på medikamentbehandling gjeve ved tvang. Fylkesmannen dreg om lag ein gong for veka ut til psykiatriske sjukehus for samtale med pasient som har fått vedtak om medisinerer utan eige samtykke og som har klaga på dette. Pr. 31.11.14 har Fylkesmannen motteke 55 slike klagar frå pasientar.

I dei fleste tilfella får pasienten ikkje medhald i klagen.



**Kontaktperson: Rolf Toven 71 25 86 41, [fmmrroto@fylkesmannen.no](mailto:fmmrroto@fylkesmannen.no)**

## TANNHELSE: Betydeleg betre

**Tannhelsetilstanden har blitt tydeleg betre for store delar av befolkninga. Hos eldre er trenden at fleire har egne tenner i staden for proteser. Dette utfordrar kompetanse og tiltak frå helsepersonell.**

Når ein blir avhengig av hjelp og ikkje lenger kan stelle sine egne tenner på ein god måte, er det fare for forfall og sjukdom i munnhula med smerte og problem med å ete. Det kan ha stor innverknad på ernærings situasjon og livskvalitet. Dårleg tann- og munnhelse er ein risiko for utvikling av andre sjukdomar ved at bakteriar spreier seg gjennom blodomløpet. Det kan til dømes føre til hjertesjukdom og hjerneslag. Ved kroniske somatiske sjukdomar kan grunnlidninga eller medisinerbruk på grunn av sjukdomen føre til auka risiko for tannskader og sjukdom i munnhula.

Det er ein føresetnad at helsepersonell har nødvendig kompetanse til å gi riktig tannstell, råd og rettleiing. Kvalitetsforskrifta for pleie- og omsorgstenestene pliktar kommunane til å utarbeide skriftlege prosedyrer for å sikre at den enkelte brukar av pleie- og omsorgstenestene får tilfredsstillende grunnleggande behov som «nødvendig tannbehandling og ivaretatt munnhygiene».

Fylkesmannen har ved enkeltsaker sett døme på manglande oppfølging av tannhelsa til enkeltpersonar. Vi vil difor presisere at opplæring og god samhandling er nødvendig også når det gjeld tannhelse.

**Kontaktperson: Greta Irene Hanset, tlf. 71 25 86 33 [greta.irene.hanset@fylkesmannen.no](mailto:greta.irene.hanset@fylkesmannen.no)**

## OMSORGSTENESTER: På topp i evaluering av Kompetanseløftet

**Det er stor utdanningsaktivitet i Møre og Romsdal. Fylket ligg på topp i ei evaluering av Kompetanseløftet 2015.**

Rapporteringa frå kommunane om Kompetanseløftet 2015 i Møre og Romsdal viser at det er stor aktivitet når det gjeld kompetansehevande tiltak. Aktivitet utløyser tilskot. I 2014 hadde Fylkesmannen ei ramme på 10,4 mill. kroner til fordeling etter søknad. Det er ein auke på 3,1 mill frå 2013.

Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) og Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har etter oppdrag frå Helsedirektoratet, gjennomført ei effektevaluering av Kompetanseløftet 2015 (K2015).

Kartlegginga viser at det er store forskjellar mellom fylka. Møre og Romsdal har utdanna flest tilsette (1816 personar). Vårt fylke er også på topp når det gjeld gjennomført internopplæring i demensomsorg.

### Oppsummering (måloppnåing så langt)

- mange som gjennomfører utdanning – 238 personar i 2013
- færre utdannar seg til helsefagarbeider
- få som gjennomfører fagskule
- desentralisert høgskuleutdanning - det er 57 personar som er under utdanning i desentralisert høgskuleutdanning for vernepleiarar i 2014
- færre personar har gjennomført vidareutdanning på høgskule – ca 45 % av desse tek leiarutdanning
- måltala for læreplassar i helsearbeidarfaget og vidareutdanning høgskule som er nådd i 2013

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Greta Irene Hanset tlf. 71 25 86 33,  
greta.irene.hanset@fylkesmannen.no**

## MENN I HELSE: Satsing på utdanning av menn i omsorgstenestene



### Prosjekt i Møre og Romsdal og fire andre fylke. Planlegging starta i Møre og Romsdal hausten 2014

Som ei oppfølging av Stortingsmelding 29, »Morgendagens omsorg» er det etablert ei nasjonal satsing for å bidra til auka rekruttering av menn i helse- og omsorgstenesta. Satsinga er basert på erfaringar frå Trondheim kommune sitt prosjekt «Menn i helsevesenet».

KS organiserer den nasjonale satsinga og Møre og Romsdal er eit av dei fem fylka som deltek i prosjektet. I kvart fylke blir det valt ut 20 menn som skal gjennomføre eit konkret utdanningsløp med fagbrev som helsefagarbeider som resultat. Utdanningsmodellen er eit samarbeid mellom kommune, Nav, fylkeskommunen og Fylkesmannen.

KS har invitert kommunane Molde, Eide, Kristiansund og Fræna til å delta i prosjektet. Det skjer i tett samarbeid med Nav kontora i desse kommunane.

Inntaket er planlagt til våren 2015, men søknadsfrist er ikkje fastsatt enno.

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Greta Irene Hanset tlf. 71 25 86 33,  
greta.irene.hanset@fylkesmannen.no**

## LEGEMIDDEL: Frå læringsnettverk til ny utdanning



Frå samlinga.

«I trygge hender» var ei treårig kampanje (2011-2013), som no har blitt eit nasjonalt pasientsikkerhetsprogram. Fram til 2019 skal pasientskader reduserast med 25 prosent.

Pasientsikkerhetsprogrammet har tre hovudmål:

- redusere pasientskader
- bygge varige strukturer for pasientsikkerhet
- betre pasientsikkerhetskulture i helse-tenesta

Utviklingssentret for sjukeheim og heimetenester gjennomførte læringsnettverk i pasientsikkerhetskampanjen »Riktig legemiddelbruk i sykehjem» i 2013 og 2014.

Det var 15 kommunar med 21 team frå sjukeheimane som gjennomførte heile nettverksarbeidet .

Utviklingscenter for heimetenester gjennomførte læringsnettverket i 2014, med deltakarar frå 14 kommunar. Målsettinga for prosjektet er å spreie kampanjen til team frå heile fylket, og at desse teama får ansvar for vidare spreining.

Teama har gjort målingar, og ei samanfatning av desse viser at omlag 60 % av pasientane har hatt ein strukturert legemiddelgjennomgang det siste halve året.

Det skal stå grunngeving bak alle medikamenta i medikamentlista – og målingane viser at dette auka frå 16 % til 75 % i løpet av perioden.

Utviklingscenter for sjukeheim har etablert eit samarbeid med Høgskulen i Molde, og starta opp ei ny vidareutdanning for sjukepleiarar og vernepleiarar hausten 2014, «Trygg legemiddelhandsøring». Studiet gir 10 studiepoeng, og er samlingsbasert.

## VANEDANNANDE LEGEMIDDEL: Uforsvarleg praksis



*Misbruk av medikament er eit problem.*

### Fylkesmannen ser at det er uforsvarleg praksis hos enkeltlegar

Fylkesmannen har i 2014 gjennomført tilsyn og behandla tilsynssaker mot fleire enkeltlegar. I desse sakene har vi avdekka døme på at pasientar har fått skrive ut store mengder vanedannande legemiddel, at det i samband med slik legemiddelbehandling ikkje er gitt kjøreforbod og at det har vore manglande journalføring.

Dei behandla tilsynssakene er oppretta på bakgrunn av kontakt med pårørande, apotek, politi, NAV, rusomsorg og helsepersonell. Når slike forhold blir avdekka blir sakene som hovudregel bli sendt over til Statens helsetilsyn for vurdering av om det skal gis ein administrativ reaksjon. Fylkesmannen legg til grunn at legar skal ha ein restriktiv praksis når det gjeld behandling med denne type legemiddel.

Dette fordi bruk av vanedannande legemiddel kan ha ei rekkje konsekvensar for dei som brukar dei. Blant dei alvorlegaste konsekvensane er interaksjonsproblematikk ved bruk av fleire legemiddel eller at pasientar blir avhengige eller utviklar eit misbruk av legemiddel.

Erfaringa gjennom våre tilsyn og tilsynssaker er at dette er ei problemstilling med betydeleg risiko for svikt. Følgeleg er det også eit sentralt område for oss som tilsynsmyndigheit.

Fylkesmannen si oppfatning er at majoriteten av legar allereie i dag har ei fornuftig haldning til behandling med denne type legemiddel. Likevel har ein sett at enkeltlegar si manglande evne



og/eller vilje til å avgrense si utskriving av vanedannande legemiddel har vore avgjerande for at pasientar har blitt avhengige eller utvikla legemiddelmisbruk.

Fylkesmannen vil ha fokus på denne problemstillinga også i 2015.

**Kontaktperson: Rådgivar Anne Mette Nerbøberg tlf. 71 25 85 28,**  
[anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no](mailto:anne.mette.nerboberg@fylkesmannen.no)

## **ULOVLEG TVANG: Ulovlig bruk av tvang og makt i Møre og Romsdal**

### **Framleis for dårleg kompetanse og praksis når det gjeld utøving av tvang i helse- og omsorgstenestene**

Å yte helsehjelp eller omsorgstenester ved bruk av tvang er eit inngrep i pasienten sin sjølvråderett. Difor er rettstryggleiken særst viktig ved denne typen tiltak. Fylkesmannen skal sjå til at regelverket er følgt, og at det blir fatta vedtak om tvungen hjelp der dette er aktuelt.

*Pasient- og brukerrettighetslova* kapittel 4A vart iverksett 01.01. 2009. Regelverket skal sikre at personar utan samtykkekompetanse, som motsett seg helsehjelp, skal ha sin rettstryggleik ivaretatt. Fylkesmannen tek imot kopi av alle vedtak som blir fatta etter dette regelverket.

Fylkesmannen har gjennom tilsyn dei tre siste åra sett at det skjer brot på vurdering av samtykkekompetanse og/eller bruk av ulovlig tvang og makt. Ut ifrå resultat frå tilsyna, og kjennskap til at fleire kommunar ikkje har fatta vedtak, er det stor grunn til tro å at pasientar i Møre og Romsdal blir utsett for ulovleg bruk av tvang og makt.

Fylkesmannen ser at regelverket ikkje i tilstrekkeleg grad er kjent og teke i bruk. Dette betyr ikkje berre at pasientar blir utsatt for ulovlig bruk av tvang, men det kan og føre til at pasientar ikkje får den helsehjelpa som er nødvendig.

På bakgrunn av behov for kunnskap på området, har vi i 2014 hatt sakshandsamingskurs på fagområdet

I 2015 vil det truleg bli gjennomført nye tilsyn, både meldte og umeldte. Dette er viktig fordi pasientar utan samtykke er ei svak gruppe og treng høg rettstryggleik.

**Kontaktperson: Rådgivar Guro Sæther Hollingsholm 71258651,**  
[guro.hollingsholm@fylkesmannen.no](mailto:guro.hollingsholm@fylkesmannen.no)

## BARNVERN: Auka merksemd på sårbare barn



Fleire alvorlege hendingar der barn har vore utsett for alvorleg omsorgssvikt har gitt auka merksemd på barnevernet sitt ansvar. Likevel er talet på barn som mottek tiltak frå barnevernet i vårt fylke stabilt.

Sidan 2011 har barneverntenesta i kommunane blitt styrka gjennom statlege øyremerka midlar. Kommunane i Møre og Romsdal har fått tilført midlar til 43,9 nye stillingar og til kompetansestyking.

Det er no 22 barneverntenester i fylket etter at fleire kommunar har inngått avtalar om interkommunalt samarbeid. Fylkesmannen følger med på utviklinga i dei små tenestene, det vil seie dei med 3 eller færre årsverk. Fylkesmannen ser ikkje klare skilnader i tenestekvaliteten mellom små og store tenester.

Talet på barnevernsaker har auka i mange år, men frå 2013 har vi ikkje sett denne tendensen. Både talet på bekymringsmeldingar og talet på barn som får tiltak er stabile. 1830 barn får hjelpetiltak (1850 i 2013) og 447

er under omsorg (442 i 2013). Fylkesmannen meiner det har vore ei positiv utvikling i dei fleste kommunane når det gjeld kvaliteten på arbeidet i barnevernsakene.

Fylkesmannen gjennomførte i 2013 og 2014 tilsyn med 5 kommunar der vi undersøkte korleis dei følgjer opp barn i fosterheimar. Det vart avdekt brot på lovkrava i ei av tenestane. Fylkesmannen har inntrykk av at fosterheimsarbeidet er høgt prioritert i dei kommunane vi undersøkte.

Ved utgangen av 2014 er det 6 barneverninstitusjonar med i alt 12 avdelingar i Møre og Romsdal. Fylkesmannen har tilsyn med institusjonane si omsorgsutøving og behandling av bebuarane. Det er gjennomført frå 2 til 4 tilsyn med ved kvar av institusjonane i 2014.

**Kontaktpersonar: Fagkoordinator Heidrunn Avdem, tlf. 71258542**  
**Seniorrådgivar Liv Aasen, tlf. 71258452**

## VELFERDSTEKNOLOGI: Felles regional satsing

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vore knytt til *Det Midtnorske Velferdsteknologiprojektet*, - ei felles regional satsing for utprøving av ulike velferdsteknologiske løysingar som vart avslutta ved utgangen av 2013.

Fylkesmannen har prioritert midlar gjennom prosjektskjønn for å stimulere kommunane til utprøving av tilgjengeleg teknologi.

I Møre og Romsdal har ein gjort viktige erfaringar knytt til vandrealarm i sjukeheim (Rokilde sjukeheim , Kristiansund kommune) og brukt av spelteknologi og GPS-sporing (kommunane Vanylven, Herøy, Ulstein, Ørskog og Ålesund).

Det Midtnorske Velferdsteknologiprojektet er vidareført i 2014 som *Det Midtnorske velferdsteknologinettverket*. I vårt fylke har ein valt at koordinator for det Midtnorske velferdsteknologinettverket samarbeider tett med utviklingsenter for sjukeheim og heimetenester (Ålesund kommune og Kristiansund kommune). Det vert no, i alle dei midtnorske fylka, gjennomført prosessrettleiing for kommunar som ynskjer å starte opp med velferdsteknologi. I Møre og Romsdal er det med 11 ulike kommunar. Resultatet frå dette prosjektet vert synt fram i ein Midtnorsk erfaringskonferanse i Ålesund 28.mai 2015 der alle dei om lag 30 kommunane som er med skal bidra med innlegg og stand.

I 2013 fekk Ålesund kommune i samarbeid med høgskulen i Ålesund midlar frå Fylkesmannen til å etablere ein samhandlingsarena for velferdsteknologi; ALV-Møre (Arena for Læring om Velferdsteknologi). Prosjektet fekk vidare midlar for 2014 og fungera no som ein tverrfagleg kompetansearena som hentar forskingsdata og erfaringar frå velferdsteknologiske prosjekt ute i dei kommunale verksemdene, og bidreg med tverrfagleg kompetanse ut igjen til verksemdene og til kommunar regionalt og nasjonalt. ALV-Møre opna i juni 2014 ei velferdsteknologisk demonstrasjonsleilegheit ved høgskulen i Ålesund som vert nytta til opplæring, utprøving og demonstrasjon. Les meir om dette på [www.alv-more.no](http://www.alv-more.no).

ALV-Møre samarbeider med og er aktiv med i Det Midtnorske velferdsteknologinettverket, utprøving av Skype i sjukeheim i Ålesund, «Jeg kan!» -prosjektet i Ålesund (teknologi for brukarstyring innan teneste for personar med utviklingshemming), Nettbrett i heimetenesta i Ålesund, Utprøving og implementering av GPS-sporing, utprøving og implementering av spelteknologi og kartlegging av behov for tryggleiksalarm/tryggleikspakkar i Vanylven, Herøy, Ulstein, Ørskog og Ålesund kommune. Meir om dette på <http://www.alesund.kommune.no/tjenester/helse/velferdsteknologi>

**Kontaktperson: Sverre Veiset, tlf: 71 25 86 31, [sverre.veiset@fylkesmannen.no](mailto:sverre.veiset@fylkesmannen.no)**

#### **Nokre prioriterte område innan helse- og sosial i 2015:**

Satsting på barn og unge

Gode omsorgstenester og betre behandling og førebygging innan psykisk helse og rus

At samhandlingsreformens intensjon blir ivareteke i kommunereforma

#### **Landsomfattande tilsyn i 2015:**

Samhandling ved utskrivning frå sjukehus til kommune

Forsvarlige sosiale tenester til ungdom 17 – 23

Kommunane sitt arbeid med meldingar til barnevernet og tilbakemelding til meldar

# Administrasjonsavdelinga



**Leiar: Administrasjonssjef Hilde Aure, tlf 71 25 84 31**

[hilde.aure@fylkesmannen.no](mailto:hilde.aure@fylkesmannen.no)

## Kongehusets besøk i fylket 2014

Kongeparet sitt fylkesbesøk for 2014: Dei besøkte kommunane Aure, Tingvoll, Gjemnes, Halså og Surnadal i tida 21. – 22. mai

Kronprinsesse Mette-Marit opna Bjørnsonfestivalen i Molde 27. august

Prinsesse Astrid, fru Ferner avduka statue av Joachim Rønneberg i Ålesund 30. august

Kronprins Haakon gjesta Romsdal vidaregåande skule i Molde og held opplæring i Dignity Day den 25. september.

## Kongens fortenestmedaljar

Det er i år delt ut 6 Kongens fortenestmedaljar:

Arne Hilmar Olsen, Sula

Leif Ronald Sønnerland, Haram

Johan Dyrkorn, Stordal

Arne Ola Grimstad, Ørsta

Olav Jostein Holten, Surnadal

Anne Lise Harsem Ørstavik, Ørsta

**Kontaktperson: Fagsjef Synnøve Ulleland, Tlf. 71 25 84 73 [synnove.ulleland@fylkesmannen.no](mailto:synnove.ulleland@fylkesmannen.no)**

## Apostille

Fylkesmannen er delegert oppgåva med legalisering av dokument for bruk i utlandet, det vil seie for dokument som skal nyttast i dei landa som har ratifisert Haag-konvensjonen av 5. okt. 1961.

**Statistikk for dei fem siste åra:**

2014	1530
2013	1769
2012	1908
2011	1686
2010	1666

Her finn du meir informasjon om Apostille: <http://fylkesmannen.no/nb/More-og-Romsdal/Folk-og-samfunn/Apostillestempel-pa-dokumenter/>

**Kontaktperson: Fagsjef Synnøve Ulleland, Tlf. 71 25 84 73 [synnove.ulleland@fylkesmannen.no](mailto:synnove.ulleland@fylkesmannen.no)**

## Statsborgarseremoni



*Statsborgarseremoni 2014 FOTO: Vidar Myklebust*

Fylkesmannen har sidan 2007 arrangert ein seremoni pr år for nye norske statsborgarar frå heile fylket vårt. I 2014 deltok 102 statsborgarar (30,4 %) på seremonien saman med sine gjester. (Landsgjennomsnitt er ca 20 %). Deltakarane representerte 31 land og kom frå 27 av kommunane våre.

**Kontaktperson:** Fagsjef Synnøve Ulleland, Tlf. 71 25 84 73 [synnove.ulleland@fylkesmannen.no](mailto:synnove.ulleland@fylkesmannen.no)

## Kurs og konferansar arrangert av Fylkesmannen

Fylkesmannen har arrangert 82 kurs og konferansar med totalt 6240 deltakarar. Totalt sett er det litt færre (89) kursarrangement enn året før men med fleire deltakarar (5933).

**Kontaktperson:** Fagsjef Synnøve Ulleland, Tlf. 71 25 84 73 [synnove.ulleland@fylkesmannen.no](mailto:synnove.ulleland@fylkesmannen.no)

## Statlege tilskotsordningar utbetalt gjennom Fylkesmannen i Møre og Romsdal for 2014

Oversikt over utbetalingane for 2014

Utbetalt til	beløp
Kommunane i Møre og Romsdal	97.291.144
Fylkeskommune	4.996.825
Organisasjonar og enkeltpersonar	7.388.780
Statlege etatar	2.027.000
Erstatningar	2.086.245

**Kontaktperson:** Rådgivar Torbjørg Skram Buen, tlf. 71 25 81 21, [torbjorg.skram.buen@fylkesmannen.no](mailto:torbjorg.skram.buen@fylkesmannen.no)

## Internt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har 153 tilsette. Vi fikk ei budsjettildeling frå FAD i 2014 på kr 78.495.000.

**Kontaktperson:** Administrasjonssjef Hilde Aure, tlf 71 25 84 31 [hilde.aure@fylkesmannen.no](mailto:hilde.aure@fylkesmannen.no)



